

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Reinheimen  
**Møtested:** Elektronisk møte/SKYPE  
**Dato:** 18.03.2020  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til 468 97 683. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Med bakgrunn i møte i kriseleiinga hjå fylkesmannen i Innlandet 11.03.20, blir konstituerande møte i Nasjonalparkstyret for Reinheimen gjennomført elektronisk, for å førebyggje spreing av corona smitte.

Dei planlagde opplæringsdagane med fagprogram for nye medlemmar i nasjonalparkstyrer vert utsett inntil vidare.

---

## MØTEPLAN

- Velkommen til nytt styre, v/ tidlegare styreleiar Per Magnus Berdal og nasjonalparkforvaltar Kristine Sørli
- Sak 1/2020 - Val og konstituering 2020-2023
- Sak 2/2020 - Godkjenning av innkalling – val av to til å skrive under protokoll saman med styreleiar
  
- Orienteringar
  - Om arbeidet i nasjonalparkstyret v/Per Magnus Berdal
  - Om arbeidet i sekretariatet, sentrale dokument, rammeverk, forvaltningsplan, nettsider, vedtekter, praktisk informasjon - refusjon av møtegodtgjering/reiserekning, v/Kristine Sørli
  - Ledig stilling som nasjonalparkforvaltar med kontorplass Norsk Tindesenter: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Nyhende1/Ledig-stilling-som-nasjonalparkforvaltar-i-Reinheimen/>
  
- Behandling av styresaker, jf. saklista

## Saksliste

| Utvalgs-<br>saksnr | Innhold  | Lukket | Arkiv-<br>saksnr |
|--------------------|--|--------|------------------|
| ST 1/2020          | Nasjonalparkstyret for Reinheimen - valg og konstituering - 2020 - 2023  |        | 2019/20555       |
| ST 2/2020          | Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar   |        |                  |
| ST 3/2020          | Referatsaker<br><br>Delegering av forvaltningsmyndighet for mindre verneområder - Muldalslia NR - Slettsvaet NR - Vermedalen NR - Einstulie NR   |        | 2020/1227        |
| ST 4/2020          | Delegerte saker  |        |                  |
| DS 1/2020          | Ottadalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2022 - varetransport til hytte ved Honnsjoen - Arne Bergon  |        | 2019/20996       |
| DS 2/2020          | Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2020 - snødekt mark - Torsbu selvbetjeningshytte - DNT Oslo og Omegn   |        | 2020/99          |
| DS 3/2020          | Finndalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - bruk av snøscooter for å leite opp sau med lam i Finndalen - Hans Gubhage  |        | 2019/21405       |
| DS 4/2020          | Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020-2025 - motorbåt - på Torsvatnet og Leirungsvatnet - Einar Banken  |        | 2019/18238       |
| DS 5/2020          | Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - snødekt mark - Motorola Solutions   |        | 2019/20357       |
| DS 6/2020          | Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2019 - helikopter - leting etter savnede sauer - Skårvangen beitelag v/ Kai Espen Lilleengen               |        | 2019/19665       |
| DS 7/2020          | Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - snødekt mark - UK Royal Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11)                     |        | 2019/21252       |
| DS 8/2020          | Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - organisert ferdse - 2020 - snødekt mark - UK Royal Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11) |        | 2019/21252       |
| DS 9/2020          | Reinheimen nasjonalpark - Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2020 - Utsetting av settefisk - Skjåk Almenning   |        | 2020/716         |
| DS 10/2020         | Reinheimen NP - dispensasjon - 2019 - 2020 - garnkasse ved Leirungsvatnet - Skjåk jeger og fiskarlag v/ Einar Banken   |        | 2019/19251       |

|               |   |            |
|---------------|---|------------|
| DS<br>11/2020 | Reinheimen NP - dispensasjon - turmål til Stikk-UT<br>2020 - Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal  | 2020/563   |
| DS<br>12/2020 | Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon -<br>motorferdsel - 2020 - snødekt mark - frakt av båter -<br>Åflotjønne - Blåbergjønne - Stig Thorgeir Aamodt | 2019/20362 |
| DS<br>13/2020 | Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel -<br>2020 - 2024 - snødekt mark - transport til hytte ved<br>Tungebrua - Lars Fransplass                        | 2019/21318 |
| DS<br>14/2020 | Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Trollstigen LVO<br>- dispensasjon - motorferdsel 2020 - snødekt mark -<br>bruk av skuter til jervejakt - Håvar Heggen       | 2020/639   |
| DS<br>15/2020 | Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel -<br>2020 - hente båt - Storvatnet - Ola Lunde  | 2020/1222  |
| ST 5/2020     | Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 2020   | 2020/2149  |
| ST 6/2020     | Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport<br>2019  | 2020/3036  |
| ST 7/2020     | Trollstigen LVO - Dispensasjon - 2019 - Montering<br>av værstasjon - langs Fv63 Trollstigen - Statens<br>vegvesen   | 2019/18025 |
| ST 8/2020     | Reinheimen NP - dispensasjon - oppføring av utedo<br>- Skarvedalen - Skjåk Almenning  | 2020/34    |
| ST 9/2020     | Høyring - Kvalitetsnorm for villrein -<br>Nasjonalparkstyret for Reinheimen   | 2020/3464  |
| ST 10/2020    | Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Tiltaksmidler<br>post 31 og driftsmidler post 21 - 2020   | 2019/19797 |
| ST 11/2020    | Eventuelt   |            |



Arkivsaksnummer: 2019/20555-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 27.02.2020

| Utval                             | Utvalssak | Møtedato   |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 1/2020    | 18.03.2020 |

## Nasjonalparkstyret for Reinheimen - valg og konstituering - 2020 - 2023

### Innstilling frå forvaltar

I medhald av pkt. 4 og 5 i gjeldande vedtekter av 01.03.20 for Nasjonalparkstyret for Reinheimen blir styret konstituert med val av leiar, nestleiar og arbeidsutval.

Følgjande er valde:

Leiar: \_\_\_\_\_

Nestleiar: \_\_\_\_\_

Arbeidsutvalet består av leiar, nestleiar, 1 medlem og 2 vararepresentantar.

Medlem Arbeidsutval: \_\_\_\_\_

1.vara: \_\_\_\_\_

2.vara: \_\_\_\_\_

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Brev datert 03.03.20, frå Miljødirektoratet – Oppnemning av medlemmar til Reinheimen nasjonalparkstyre for perioden 2020 - 2023.
- Vedtekter for Nasjonalparkstyre for Reinheimen, gjeldande frå 1.mars 2020 (vedlegg)

## Saksopplysningar

På bakgrunn av forslag frå kommunar, fylkeskommunar og Reinheimen-Breheimen villreinutval, har Miljødirektoratet oppnemnd følgjande medlemmar og vararepresentantar i nytt styre for Reinheimen for perioden 2020 – 2023:

| Representerer                      | Medlem             | Personleg vara         |
|------------------------------------|--------------------|------------------------|
| Lesja kommune                      | Mariann Skotte     | Per Inge Skotte        |
| Rauma kommune                      | Magnhild Vik       | Torbjørn Rødstøl       |
| Fjord kommune                      | Per Magnus Berdal  | Laila Olsen            |
| Skjåk kommune                      | Edel Kveen         | Morten Kielland        |
| Lom kommune                        | Bjarne Eiof Holø   | Marit Sletten          |
| Vågå kommune                       | Live Langøygard    | Harald Svee Bjørndalen |
| Fylkestinget i Møre og Romsdal     | Torbjørn Rødstøl   | Inger Johanne Tafjord  |
| Fylkestinget i Innlandet           | Hans Kristian Enge | Hanne Velure           |
| Reinheimen-Breheimen Villreinutval | Inger Line Flydal  | Jo Trygve Lyngved      |

Samansetnaden av styret følgjer krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 13.

Vedlagt brevet frå miljødirektoratet, 03.3.20, er oppdaterte vedtekter for styret gjeldande frå 1.mars 2020. I reviderte vedtekter er det tatt inn endringar etter kommune, - og fylkessamanslåingane, samt at arbeidsgjevaransvaret for forvaltaren med kontorstad på Åndalsnes er flytta til Fylkesmannen i Innlandet.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Miljødirektoratet har fastsatt reviderte vedtekter for nasjonalparkstyret gjeldande frå 01.03.2020. I medhald av vedtektene pkt. 4 skal styret sjølv velja leiar og nestleiar:

#### **4.NASJONALPARKSTYRET SINE MEDLEMMER, OPPNEMNING, SAMANSETJING MV**

*Samansetjinga av styret skal følgje krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 28.*

*Nasjonalparkstyret skal ha 9 medlemmer med personlege varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Nasjonalparkstyret vert oppnemnd av Miljødirektoratet etter innstilling frå dei berørte kommunane, fylkestinga i Innlandet og Møre og Romsdal og Reinheimen-Breheimen villreinutval.*

*Kvar kommune skal være representert med eit medlem og innstiller ei kvinne og ein mann blant kommunestyret sine medlemmer. Kvar fylkeskommune skal være representert med eit medlem frå fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget/fylkesrådet sine medlemmer. Villreinutvalet skal vere representert med eit medlem, og innstiller ei kvinne og ein mann frå utvalet.*

*Oppnemningsperioden for medlemmene følgjer valperioden for kommunestyret og fylkestinget. Dette same gjeld medlemmet frå villreinutvalet for Ottadalen villreinområde.*

*Nasjonalparkstyret velgjer sjølv leiar og nestleiar.*

## Vurdering

Historikk:

| <b>Styreperiode</b> | <b>Leiar</b>      | <b>Nestleiar</b>     |
|---------------------|-------------------|----------------------|
| 2013 - 2015         | Per Magnus Berdal | Rolv Kristen Øygaard |
| 2016 - 2019         | Per Magnus Berdal | Bjarne Eioolf Holø   |
|                     |                   |                      |

Vedtektene pkt. 5 opnar vidare for etablering av arbeidsutval:

### **5.OPPRETTING AV ARBEIDSUTVAL**

*Styret kan nedsette eit arbeidsutval med personar frå styret.*

*Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter*

*naturmangfaldlova/verneforskriftene i ein skilde saker som ikkje har stor påverknad*

*på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafør ramma av prinsipp*

*fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskriftene.*

Arbeidsutvalet har hatt tre medlemmer, med ein representant i tillegg til leiar og nestleiar.

Arbeidsutval for 2016 - 2019: Per Magnus Berdal, Bjarne Eioolf Holø og Mariann Skotte.

1.vara: Elias Sperstad, 2.vara: Marit Nauste

Det blir tilrådd å velja leiar, nestleiar, medlem og vararepresentantar til Arbeidsutvalet.

# Vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre

Miljødirektoratet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd og tredje punktum, jf Klima- og miljødepartementets delegering av mynde til Miljødirektoratet i forskrift av 20. oktober 2015 (FOR-2015-10-20-1905), fastsett følgjande vedtekter for nasjonalparkstyret som gjeld frå 1. mars 2020:

## 1. VEDTEKTENES FØREMÅL

Føremålet med desse vedtektene er å leggje til rette for ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning av dei verneområda styret har ansvar for.

Vedtektene skal sørge for at nasjonalparkstyret skal kunne oppfylle føremålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale plikter.

## 2. STYRET SIN MYNDE

Verneområda skal forvaltast av eit nasjonalparkstyre, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, innafor ramma av naturmangfaldlova, inkludert lovkapittel II Alminnelege føresegner om bærekraftig bruk, lovkapittel V Områdevern og verneforskriftene for dei einskilde verneområda.

Nasjonalparkstyret er å rekna som ein juridisk person med mynde til å inngå avtaler og ta på seg plikter innafor dei økonomiske rammene som styret disponerer.

## 3. GEOGRAFISK VERKEOMRÅDE

Nasjonalparkstyret skal ha forvaltingsmynde for følgjande verneområde:

| Områdenavn | Verneform           |
|------------|---------------------|
| Reinheimen | Nasjonalpark        |
| Ottadalen  | Landskapsvernområde |
| Finndalen  | Landskapsvernområde |
| Lordalen   | Landskapsvernområde |

|                     |                     |
|---------------------|---------------------|
| Romsdalen           | Landskapsvernområde |
| Trollstigen         | Landskapsvernområde |
| Tafjorden-Reindalen | Landskapsvernområde |
| Brettingsmoen       | Naturreservat       |
| Muldalslia          | Naturreservat       |
| Slettsvaet          | Naturreservat       |
| Vermedalen          | Naturreservat       |
| Einstullie          | Naturreservat       |

#### **4.NASJONALPARKSTYRET SINE MEDLEMMER, OPPNEMNING, SAMANSETJING MV**

Samansetjinga av styret skal følgje krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 28.

Nasjonalparkstyret skal ha 9 medlemmer med personlege varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Nasjonalparkstyret vert oppnemnd av Miljødirektoratet etter innstilling frå dei berørte kommunane, fylkestinga i Innlandet og Møre og Romsdal og Reinheimen-Breheimen villreinutval.

Kvar kommune skal være representert med eit medlem og innstiller ei kvinne og ein mann blant kommunestyret sine medlemmer. Kvar fylkeskommune skal være representert med eit medlem frå fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget/fylkesrådet sine medlemmer. Villreinutvalet skal vere representert med eit medlem, og innstiller ei kvinne og ein mann frå utvalet.

Oppnemningsperioden for medlemmene følgjer valperioden for kommunestyret og fylkestinget. Dette same gjeld medlemmet frå villreinutvalet.

Nasjonalparkstyret velgjer sjølv leiar og nestleiar.

#### **5.OPPRETTING AV ARBEIDSUTVAL**



Styret kan nedsette eit arbeidsutval med personar frå styret.

Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i ein skilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafør ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskriftene.

## **6. NASJONALPARKSTYRET SITT SEKRETARIAT**

Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av ein eller fleire nasjonalparkforvaltar(ar) som vert tilsett av fylkesmannen i Innlandet og i dialog med styret. Fylkesmannen har personalansvaret for nasjonalparkforvaltaren(ane).

### **6.1 Forvaltar si rolle**

Forvaltar skal i samråd med nasjonalparkstyret sørge for ein skapleg og heilskapleg forvaltning av verneområda uavhengig av administrative grenser. Forvaltar sin hovudfunksjon er å vere sekretariat for nasjonalparkstyret og fagleg førebu alle styresaker. Forvaltar skal gjennom si sakshandsaming bidra til at styret forvalter områda i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene, og følge forvaltningslova sine føresegner.

Forvaltar er underlagt styret i forvaltninga av verneområda. Vedtak forvaltar fatter ved delegert mynde etter pkt. 6.2 skal gjerast i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og eventuell forvaltningsplan. Der det ikkje føreligg godkjend forvaltningsplan skal styret vurdere om det skal gis særskilde retningsliner for handsaminga av denne typen saker.

### **6.2 Styret si rolle til forvaltar**

Styret kan gje forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsle og motorferdsle.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.

b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.

c) Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvalter drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Styret disponerer forvaltar si arbeidstid. Betalt overtid skal avtalast særskildt med fylkesmannen.

### **6.3 Fylkesmannen si rolle til forvaltar**

Ved søknad om permisjon, langtidsfråvær, eller der forvaltar seier opp stillinga si, skal fylkesmannen i dialog med styret kome til semje om korleis forvaltar sine arbeidsoppgåver skal løysast inntil forvaltar er tilbake, eller ny forvaltar er tilsett.

Klima- og miljødepartementet har utarbeida ein eigen instruks for prosessen knytta til tilsetting av nasjonalpark-/verneområdeforvaltar.

## **7. OM MØTENE I NASJONALPARKSTYRET**

Kommunelova kap. 6 om sakshandsaming i folkevalde organ skal brukast så langt dei passer, med dei tilpassingar som er fastsett i denne vedtekta. Kommunelova § 40 gjeld tilsvarande.

Styret bør tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer. Leiaren pliktar å kalle inn dersom minst ein tredel av medlemmene ønskjer det.

Varsel om innkalling til møte i nasjonalparkstyret skal skje med 2 vekers varsel. Endeleg innkalling med saksdokumenta skal sendast 1 veke før møtet. Styret avgjer sjølv om det vil ta opp eventuelle saker som vert ettersendt seinare enn dette.

Det skal førast protokoll frå møta. Styreleiar og eit medlem som vert vald ved møtestart, skriv under protokollen. Eventuelle protokolltilførsler må setjast fram i møtet.

Forvaltar si tilråding til vedtak skal gå fram av møteprotokollen.

I dei tilfella der styret sitt vedtak har eit anna utfall enn forvaltar si tilråding til vedtak, må styret si grunngjeving for val av anna utfall kome fram i vedtaket.

For at forvaltningsstyret skal vere vedtaksført må minimum halvparten av medlemmene vere til stade. Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelrøyst.

## **8. STYRET SINE OPPGÅVER**

Medlemmene av styret skal forvalte verneområda i samsvar med internasjonale plikter, naturmangfaldlova og verneforskriftene for det einskilde verneområdet.

Alle medlemmene i styret har eit felles ansvar for en heilskapleg forvaltning av verneområda kor ivaretaking av verneverdiane og verneførmålet er hovedoppgåva.

### **8.1 Forvaltingsplan**

Styret skal utarbeide/revidere forvaltingsplan for verneområda. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltingsplanen skal utarbeidast innafor ramma av naturmangfaldlova og verneforskriftene. Forvaltingsplanen skal konkretisere korleis ein kan nå føremålet med vernet, og skal innehalde ein fleirårig tiltaksplan og ein besøksstrategi. Utkast til forvaltingsplan skal sendast til direktoratet for fagleg gjennomgang før høyring. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

### **8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning**

Som forvaltningsstyresmakt skal styret ut frå naturmangfaldlova § 33 og verneføremålet i dei einskilde verneforskriftene vurdere behov for og naudsynt gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltingsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningstiltak vert sett i verk på eit kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtekne forvaltingsplaner/skjøtelsplaner.

Styret kan som forvaltningsstyresmakt leggje til rette for at verneområda sitt potensial for verdiskaping utnyttast innafor ramma av verneforskriftene og naturmangfaldlova. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltingsplanane som omhandlar besøksstrategi. Styret skal ikkje opptre som næringsaktør, men bør i denne samanhengen innleie til eit samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøksenteret.

Nasjonalparkstyret skal utarbeide årlege prioriteringar av skjøtels- og forvaltningstiltak i verneområda i tråd med den fleirårige tiltaksplanen.

Styret skal etablere eit nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt. Styret vert tildelt midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i høve til vedtatte forvaltingsplaner/skjøtelsplanar etter søknad til Miljødirektoratet. Tildelingane skjer ut i frå dei budsjettmessige rammene det einskilde året. Nasjonalparkstyret prioriterer

bruken av dei tildelte midlane. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjend forvaltnings-/tiltaksplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

### **8.3 Avgjerder som styresmakt**

Styret har mynde til å treffe vedtak etter verneforskriftene. Styret har også mynde til å gje dispensasjonar etter naturmangfaldlova § 48, jf. § 77 andre punktum.

### **8.4 Grensemerking og informasjon**

Styret har ansvar for at det vert gjennomført naudsynt grensemerking og vedlikehald av merkinga i verneområda. Merkinga skal utførast etter retningsliner gjeve av Miljødirektoratet i rettleiar om Opprettelse av verneområder (M-481).

Som forvaltningsstyresmakt skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilde informasjonstiltak. Styret er hovudansvarleg for informasjonstiltak og skal utføre dette i samsvar med Miljødirektoratet sin merkestrategi.

Styret har ansvar for at Naturbase er oppdatert inkludert tilvising til gjeldande forvaltningsplan og/med besøksstrategi.

### **8.5 Brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene, rapportar og melding til politiet**

Styret har som forvaltningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskriftene som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.

Kopi av melding til politiet/rapport, samt avgjerd frå politiet skal sendast Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktuelt jf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret sende over ein rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.

### **8.6 Orientering om vedtak**

Fylkesmennene skal ha tilsendt kopi av alle vedtak fatta av nasjonalparkstyret, nasjonalparkforvaltar eller arbeidsutvalet.

Vedtak styret, forvaltaren eller arbeidsutvalet har fatta i medhald av naturmangfaldlova og verneforskriften skal fortløpande registrerast i Miljøvedtaksregisteret.

### **8.7 Rapportering om forvaltning**

Styret har ansvar for årleg å rapportere om forvaltning til Miljødirektoratet og Fylkesmannen etter fastsette maler.

## **9. RÅDGJEVANDE UTVAL**

Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, offentlege organ som det angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Nasjonalparkstyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.

## **10. ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVAL**

For å sikre at forvaltinga av verneområda blir godt integrert i den kommunale forvaltinga, bør styret oppnemne eit administrativt kontaktutval med representantar frå administrativt nivå i dei ulike kommunane.

## **11. TILSYN**

Statens naturoppsyn har tilsynsmynde i områda, jf. lov om statleg naturoppsyn.

## **12. KLAGEADGANG, KLAGEINSTANS OG KLAGEHANDSAMING**

Fylkesmannen har klagerett på vedtak fatta av nasjonalparkstyret jf. naturmangfaldlova §62 tredje ledd siste setning. Elles gjeld dei alminnelege reglane om rett til å klage.

Klage på vedtak fatta av styret, må vurderast/klagehandsamast av styret med mindre det er avtalt at saka kan handsamast av AU/forvaltar.

Dersom det vert klaga på vedtak fatta av AU/forvaltaren etter delegert mynde, skal klagen vurderast/klagehandsamast av styret/arbeidsutvalet før den eventuelt vert sendt over til Miljødirektoratet som endeleg klageinstans.

Miljødirektoratet er endeleg klageinstans for vedtak som styret/ forvaltar har fatta som forvaltningsstyresmakt.

## **13. INSTRUKSJON, TILBAKEKALLING AV DELEGERT MYNDE**

Dersom føresetnadene for delegering av forvaltningsmynde vert vesentleg endra, har styret plikt til å informere Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet kan gripe inn gjennom instruksjon, eller eventuelt tilbakekalling av delegert mynde dersom forvaltinga av verneområda ikkje samsvarer med naturmangfaldlova og verneforskriftene.

## **14. ENDRING AV VEDTEKTENE**

Miljødirektoratet kan endre desse vedtektene.

**ST 2/2020 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**

**ST 3/2020 Referatsaker**

**Delegering av forvaltningsmyndighet for mindre verneområder - Muldalslia NR - Slettsvaet NR - Vermedalen NR - Einstulie NR**

**ST 4/2020 Delegerte saker**

**DS 1/2020 Ottadalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2022 - varetransport til hytte ved Honnsjoen - Arne Bergon 2019/20996**

**DS 2/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2020 - snødekt mark - Torsbu selvbetjeningshytte - DNT Oslo og Omegn 2020/99**

**DS 3/2020 Finndalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - bruk av snøscooter for å leite opp sau med lam i Finndalen - Hans Gubhage 2019/21405**

**DS 4/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020-2025 - motorbåt - på Torsvatnet og Leirungvatnet - Einar Banken 2019/18238**

**DS 5/2020 Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - snødekt mark - Motorola Solutions 2019/20357**

**DS 6/2020 Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2019 - helikopter - leting etter savnede sauer - Skårvangen beitelag v/ Kai Espen Lilleengen 2019/19665**

**DS 7/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - snødekt**

**mark - UK Royal Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11) 2019/21252**

**DS 8/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - organisert ferdsel - 2020 - snødekt mark - UK Royal Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11) 2019/21252**

**DS 9/2020 Reinheimen nasjonalpark - Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2020 - Utsetting av settefisk - Skjåk Almending 2020/716**

**DS 10/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - 2019 - 2020 - garnkasse ved Leirungsvatnet - Skjåk jeger og fiskarlag v/ Einar Banken 2019/19251**

**DS 11/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - turmål til Stikk-UT 2020 - Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal 2020/563**

**DS 12/2020 Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - snødekt mark - frakt av båter - Åflotjønne - Blåbergstjønne - Stig Thorgeir Aamodt 2019/20362**

**DS 13/2020 Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2024 - snødekt mark - transport til hytte ved Tungebrua - Lars Fransplass 2019/21318**

**DS 14/2020 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel 2020 - snødekt mark - bruk av skuter til jervejakt - Håvar Heggen 2020/639**

**DS 15/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - hente båt - Storvatnet - Ola Lunde 2020/1222**



Arkivsaksnummer: 2020/2149-1

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 26.02.2020

| Utval                             | Utvalssak | Møtedato   |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 5/2020    | 18.03.2020 |

## Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 2020

### Innstilling frå forvaltar

Møtedato for 1.halvår 2020:

1/2020: 18.mars – Lillehammer, opplæringsdagar 17.-18.mars, og konstituerande styremøte.

2/2020: 29.juni – Lesja, inkl. synfaring Tussheim/Avdembue

Møtedatoar for 2. halvår 2020, vert lagt fram på neste styremøte for eventuelle nødvendige endringar.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, revidert 2015

### Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har i 2019, gjennomført 6 styremøte, der av 2 telefonmøte, og 4 fysiske møter. 2 møte var med overnatting i samband besøksstrategi og møte med rådgjevande utval.

1/19 – 18.03.19, Grand Hotel Bellevue, Åndalsnes

2/19 – 07.06.19, Telefonmøte

3/19 – 24.06.19, Norsk Fjellsenter, Lom

4/19 – 04.07.19, Telefonmøte

5/19 – 23.-24.09.19, Valldal rådhus, Valldal \*

6/19 – 02.12.19, Aak Hotel, Åndalsnes\*\*

\* Inkl. møte om Besøksstrategi, med rådgjevande utval og administrativt kontakt utval 23.09.19.

\*\* inkl. overnatting og avslutning for nasjonalparkstyret i styreperioda 2016-2019



Arbeidsutvalet, AU-Reinheimen, har hatt 1 møte, e-postbehandling 07.05.19.

I tillegg til ordinære møte i styret kjem deltaking på møter, seminar og konferansar, der forvaltarar og Nasjonalparkstyret har vore invitert og deltatt.

## Heimelsgrunnlag

I vedtektene til nasjonalparkstyret står følgjande om møter i nasjonalparkstyret:

### «7. OM MØTENE I NASJONALPARKSTYRET

Kommunelova kap. 6 om sakshandsaming i folkevalde organ skal brukast så langt dei passer, med dei tilpassingar som er fastsett i denne vedtekta. Kommunelova § 40 gjeld tilsvarande.

Styret bør tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer. Leiaren pliktar å kalle inn dersom minst ein tredel av medlemmene ønskjer det.

Varsel om innkalling til møte i nasjonalparkstyret skal skje med 2 vekers varsel. Endeleg innkalling med saksdokumenta skal sendast 1 veke før møtet. Styret avgjer sjølv om det vil ta opp eventuelle saker som vert ettersendt seinare enn dette.

Det skal førast protokoll frå møta. Styreleiar og eit medlem som vert vald ved møtestart, skriv under protokollen. Eventuelle protokolltilførsler må setjast fram i møtet. Forvaltar si tilråding til vedtak skal gå fram av møteprotokollen. I dei tilfella der styret sitt vedtak har eit anna utfall enn forvaltar si tilråding til vedtak, må styret si grunngjeving for val av anna utfall kome fram i vedtaket. For at forvaltningsstyret skal vere vedtaksført må minimum halvparten av medlemmene vere til stade. Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelrøyst.

### 9. RÅDGJEVANDE UTVAL

Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, offentlege organ som det angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Nasjonalparkstyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.

### 10. ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVAL

For å sikre at forvaltinga av verneområda blir godt integrert i den kommunale forvaltinga, bør styret oppnemne eit administrativt kontaktutval med representantar frå administrativt nivå i dei ulike kommunane.»

## Vurdering

I samsvar med styrevedtektene foreslår nasjonalparkforvaltaren at det vert lagt opp til minst 4 fysiske styremøte også i 2020. Det bør og leggjast opp til synfaring dersom det er behov, og ligg til rette for det. I tillegg skal Nasjonalparkstyret sette av tid til eit møte med rådgjevande utval, og eventuelt andre møte i samband med tiltak/prosjekt. Som tidlegare er det lagt opp til å halde møta i dei ulike kommunane med areal i verneområdet, der det er føremålstenleg av omsyn til reiseavstand. I utgangspunktet har styremøta i Reinheimen vore lagt til måndagar for å unngå møtekollisjon i kommunane. Det ser ut til at dette kan vidareførast.

Forslag til møteplan:

- |         |  |
|---------|--|
| 1/2020: | 18.mars – Lillehammer, opplæringsdagar 17.-18.mars, og konstituerande styremøte. |
| 2/2020: | 29.juni – Lesja, inkl. synfaring Tussheim/Avdembue                               |
| 3/2020: | Sep./okt. – Skjåk/Lom, inkl. synfaring/møte med rådgjevande utval                |
| 4/2020: | nov./des. - Åndalsnes  |

Det skal også vera rom for å nytte AU-Reinheimen, til å behandle saker som hastar, når nasjonalparkforvaltarane ikkje har vedtaksmynde, eller det av prinsipielle grunnar er nødvendig med politisk behandling. AU-møta kan også gjennomførast ved bruk av e-post/telefon. Dette er ein fleksibel løysning for å handtere kurrante saker som hastar.



Arkivsaksnummer: 2020/3036-1

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 28.02.2020

| Utval                             | Utvalssak | Møtedato   |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 6/2020    | 18.03.2020 |

## Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2019

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek årsrapport for 2019 til etterretning, og ber om at rapporten vert publisert på nasjonalparkstyret si nettside, og synleggjort på Reinheimen sine sosiale kommunikasjonskanalar, som Facebook og Instagram. Årsrapporten 2019 skal også sendast til rådgjevande utval og administrativt kontaktutval til orientering.

Årsrapport for 2019 frå SNO, vert teke til orientering.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Årsrapport 2019 – Nasjonalparkstyret for Reinheimen, vedlegg
- Årsrapport for 2019 til Reinheimen nasjonalparkstyre frå SNO, vedlegg

### Vurdering

Årsrapporten for 2019 byggjer på same mal som for tidlegare år, og justert noko etter innspel frå styret. Årsrapportane ligg tilgjengeleg på Nasjonalparkstyret sine nettsider, her: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Dokumentarkiv/Arsmelding-og-rapportar/>

Rapporten gir ei grei framstilling av Nasjonalparkstyret sitt arbeid, saksomfang, tiltak/prosjekt og økonomi som er knytt til forvaltninga av verneområdet. Rapporten omhandlar også den generelle bruken av områda, naturfaglege forhold, og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.

Det er naturleg at rapporten vert publisert på nasjonalparkstyret si nettside, og sendt ut til aktørar knytt til forvaltninga i Reinheimen, som t.d medlemmar rådgjevande utval og administrativt fagutval. Rapporten bør og synleggjerast via Reinheimen si facebookside og på instagram.

Rapporten for 2019 frå SNO, vert her lagt fram til orientering for nasjonalparkstyret.



# Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Årsrapport 2019

---



*Foto: Kjell Stålevik*

## Forord

Reinheimen nasjonalpark med landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen vart oppretta i 2006.

Nasjonalparkstyret for 2016-2019 vart oppnemnd av miljødirektoratet i brev av 09.02.2016.

Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som utgjør sekretariatet for nasjonalparkstyret, og som står for den daglege drifta, der ein er tilsett av fylkesmannen i Innlandet med kontor på Norsk fjellsenter i Lom, og den andre er tilsett av fylkesmannen i Møre og Romsdal, med kontor på Norsk Tindesenter i Åndalsnes.

Årsmeldinga gir ei framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid i 2019, saksmengda, aktuelle tiltak og prosjekt, om bruken av områda, og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.



Lom, 27.02.2020

Kristine Sørli  
Nasjonalparkforvaltar Reinheimen

*Foto: Dersom det ikkje står fotograf, er bileta i rapporten teke av forvaltar.*

## Innhald

|   |    |
|---|----|
| Forord .....  | 2  |
| 1. Verneområda – status .....   | 4  |
| 2. Aktørar i verneområda .....  | 4  |
| Nasjonalparkstyret .....  | 4  |
| Nasjonalparkforvaltarar .....   | 5  |
| Naturopsynet.....   | 6  |
| Andre sentrale myndigheiter .....                                       | 6  |
| Brukarar .....  | 7  |
| Sentrale dokument.....  | 7  |
| 3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2019 .....                               | 7  |
| Spesielle saker .....   | 8  |
| Økonomi .....   | 10 |
| 4. Aktivitet .....  | 12 |
| Informasjon .....   | 12 |
| Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap knytt til Reinheimen..... | 12 |
| Besøksstrategi .....  | 13 |
| 5. Vidare arbeid .....  | 14 |
| Revisjon av forvaltningsplanen: .....                                   | 14 |
| Kartleggingsarbeid:.....  | 14 |
| 6. Glimt frå 2019.....  | 15 |

## 1. Verneområda – status

Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen, vart oppretta i statsråd 24.11.2006. Verneforskriftene set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen for Reinheimen vart godkjend i 2010, og utarbeidd i to fasar med brei prosess i alle dei 6 kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal. Forvaltningsplan trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og presiserer og utdjuar verneforskriftene. Forvaltningsplan tek og omsyn til krav om likebehandling i saker av lik karakter. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

## 2. Aktørar i verneområda

### Nasjonalparkstyret

Nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituerte seg for fyrste gong i møte 6. mars 2013. Før 2013, frå 2007, hadde dei 6 kommunane med areal i Reinheimen forvaltningsansvaret for verneområda innafor sine kommunegrenser. I tillegg var det oppretta eit rådgjevande samarbeidsorgan, kontaktutval for Reinheimen (KUR). Forvaltningsmyndigheita for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde vart overført frå dei 6 kommunane til nasjonalparkstyret hausten 2012. Miljøverndepartementet oppnemnde representantar til nytt nasjonalparkstyre i brev av 08.01.13. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda, og ein representant frå Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg (tidlegare Ottadalen villreinutval). Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Miljødirektoratet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre for 2016-2019 i brev av 09.02.2016. Nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituerte seg i styremøte 14.mars 2016.

Styret for perioden 2016 -2019:

| Rolle              | Ordinært medlem                                       | Varamedlem             | Representantar                 |
|--------------------|---|------------------------|--------------------------------|
| <b>leiar</b>       | Per Magnus Berdal                                     | Laila Olsen            | Norddal kommune                |
| <b>nestleiar</b>   | Bjarne Eiolf Holø                                     | Anne-Lise Marstein     | Lom kommune                    |
| <b>styremedlem</b> | Elias Sperstad  | Heidi Banken Fallingen | Skjåk kommune                  |
| <b>styremedlem</b> | Svein Blankenborg                                     | Iselin Jonassen        | Vågå kommune                   |
| <b>styremedlem</b> | Mariann Skotte  | Stian Lotten           | Lesja kommune                  |
| <b>styremedlem</b> | Marit Nauste  | Torbjørn Rødstøl       | Rauma kommune                  |
| <b>styremedlem</b> | Kari Ramen  | Jo Trygve Lyngved      | Villreinutvalget for Ottadalen |
| <b>styremedlem</b> | Magnhild Vik  | Bjørn Sandnes          | Fylkestinget i Møre og Romsdal |
| <b>styremedlem</b> | Aud Hove (2016-2017)<br>Kjersti Bjørnstad (2018-2019) | Øystein Andreassen     | Fylkestinget i Oppland         |

Aud Hove gjekk ut av styret i 2017, og vart erstatta av Kjersti Bjørnstad. Miljødirektoratet oppnemnde Kjersti som nytt medlem i Nasjonalparkstyret for Reinheimen frå 2018 og ut styreperioda.

På konstituerande møte 13. mars 2016 vart det og oppretta eit arbeidsutval for styret med følgjande medlemmar:

| Rolle             | Ordinært medlem                              |
|-------------------|--|
| <b>leiar</b>      | Per Magnus Berdal                            |
| <b>nestleiar</b>  | Bjarne Eiof Holø                             |
| <b>medlem</b>     | Mariann Skotte                               |
| <b>varamedlem</b> | 1.vara Elias Sperstad<br>2.vara Marit Nauste |

Arkiv- og økonomifunksjon til nasjonalparkstyret for Reinheimen ligg hos Fylkesmannen i Oppland (Innlandet frå 2018), med følgjande postadresse:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen  
Postboks 987  
2626 Lillehammer  
e-post: [fminpost@fylkesmannen.no](mailto:fminpost@fylkesmannen.no)

## Nasjonalparkforvaltarar

To nasjonalparkforvaltarar utgjer sekretariatet til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Nasjonalparkforvaltarane skal gjennom si sakshandsaming bidra til at styret forvaltar områda i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene, og følgje forvaltningslova sine regler. Forvaltarane legg fram saker til behandling i styret, driv skjøtsel- og informasjonsarbeid, økonomioppfølging og held kontakt med brukarar av verneområda.

I vedtektene til Nasjonalparkstyret, kap. 6., står det følgjande om Nasjonalparkstyret sitt sekretariat: «*Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av ein eller fleire nasjonalparkforvaltar(ar) som vert tilsett av fylkesmannen i det fylket kontorstaden for vedkomande forvaltar er lokalisert og idialog med styret. Fylkesmannen har personalansvaret for nasjonalparkforvaltaren(ane).*»

Kristine Sørлие har vore tilsett som nasjonalparkforvaltar sidan 2014 med kontor på Norsk fjellsenter i Lom, og med Fylkesmannen i Oppland (Innlandet frå 01.01.19) som arbeidsgjevar. Ingvild Øyjordet vart tilsett i mars 2017, med kontor på Norsk Tindesenter i Åndalsnes, og med fylkesmannen i Møre og Romsdal som arbeidsgjevar. Nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Fylkesmannen, men er underlagt nasjonalparkstyret i forvaltninga av verneområda. Fylkesmannen har det faglege og administrative ansvaret for nasjonalparkforvaltarane, men ingen instruksjonsrett når det gjeld sekretariatet sitt arbeid for nasjonalparkstyret. Men i samråd med nasjonalparkstyret, kan fylkesmannen nytte nasjonalparkforvaltaren til andre arbeidsoppgåver ved behov.

I utgangspunktet vert enkeltsaker i Reinheimen fordelt geografisk fylkesvis mellom forvaltarane. I tillegg har større prosjekt, som besøksstrategi og skjøtelsplanar, vore fordelt mellom forvaltarane også i 2019. Når det gjeld planlegging og gjennomføring av styremøte vert det normalt fordelt mellom forvaltarane. Forvaltar tilsett i Innlandet har likevel eit større ansvar for økonomiske og administrative oppgåver knytt til drift av styret og tiltaksmidla. Oppfølging av tiltak i verneområdet vil variere kvart år utifrå styret si prioritering. Men med to forvaltarar er det ei føresetnad med eit tett og godt samarbeid, og god intern kommunikasjon, sjølv med ansvarsfordeling.



## Naturoppsynet

Statens naturoppsyn (SNO) er den utøvande og kontrollerande delen av forvaltninga av verneområda. SNO skal ikkje drive forvaltning, men skal følgje opp miljølovgevinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. I tillegg skal naturoppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar.

SNO er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Per Olav Haugen og Thomas Rødstøl er tilsett i SNO med Reinheimen som hovudområde. Per Olav Haugen har kontor i Bismo i Skjåk, og Thomas Rødstøl har kontor på Åndalsnes i Rauma.

I tillegg kjøper SNO i Reinheimen tenester av fjellstyrene og andre etter behov. Tenestekjøp omfattar både tilsyn og utføring av tiltak. For Reinheimen blir det kjøpt tenester av fjellstyra i Lesja, Finndalen og frå Skjåk Almenning, som er privat bygdeallmenning. SNO i Reinheimen bruker også ein stor del av si arbeidstid på registrering av jerv, villreinteljing og jaktoppsyn under villreinjakta og på prioritert arbeid i andre områder.

Nasjonalparkforvaltarane og SNO har årlege møte med i samband med bestillingsdialogen og bestilling av tenester frå SNO. SNO i Reinheimen har utarbeidd eigen årsrapport for 2019.

## Andre sentrale myndigheiter

Det er også andre myndigheiter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda. Kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. I tillegg har Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg ein representant i styret. God dialog med villreinutvalget er særleg viktig for og ivareta villrein sitt leveområde. Kommunane har myndigheit etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. I enkelte saker må søkjarane avklare søknad om løyve til kjøring både etter reglane i verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova). Administrativt kontaktutval, oppretta i 2013, held fram i Reinheimen. Utvalet er samansett med ein administrativt tilsett frå kvar kommune og fylkeskommune, og ein frå besøkscenter nasjonalpark. Utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret, kommunane og fylkeskommunane.

Fylkesmennene hadde forvaltningsmyndigheit for verneområda fram til oppretting av kommunal forvaltning/KUR i 2007 og nasjonalparkstyret i 2013. Miljøvernavingane har lang erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek på avdelingsmøter og fagsamlingar hjå fylkesmannen der dette er relevant. Fylkesmannen i Oppland vert formelt slått saman med Hedemark frå årsskifte, og da vil forvaltarane i Innlandet bli organisert i eit større fagmiljø og eiga team på 12 forvaltarar.

I tillegg har fylkesmennene klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret og i administrativt kontaktutval. I tillegg har fylkeskommunen myndigheit etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel, restaurering og bygningsfagleg kompetanse.

## Brukarar

Reinheimen er villmark og brukspark, med interesser spesielt knytt til tradisjonell lokal og regional bruk som jakt, fiske, beitebruk, seterdrift og landbruksnæring. Dette fører til behandling av relativt stor mengde enkeltsaker, særleg søknader om motorisert ferdsel og byggesaker.

Det er god forståing og liten konflikt mellom verneinteresser og landbruk innan verneområdet. For å ivareta verneverdiane er det viktig at vernemyndigheita har eit godt samarbeid med dei ulike brukeinteressene og private aktørar i området.

Reiselivet i Reinheimen er beskjeden, men kjende attraksjonar som Trollveggen og Trollstigen står likevel i ei særstilling, der besøkstalet i 2019 er over 1 mill.

I Reinheimen vart det gjennomført besøksundersøkingar i 2011. Desse undersøkingane påvisar både status og utfordringar for nasjonalparkforvaltninga. Besøksundersøkinga viser at Reinheimen er et delt område i forhold til bruk. Størst besøk i nordvest (typisk turistar og utlendingar), mindre i søraust (lokal og regionalt besøk).

- Reinheimen er lite kjent som reisemål, mykje tilfeldig bruk i samband med rundreise
- Mest lokalt, regionalt besøk (Austlandet og Nordiske land manglar?)
- 33% utlendingar
- Besøk frå Austlandet og Nordiske land manglar - uutnytta potensiale i marknaden!
- Behov for å gjera nasjonalparkstatusen kjent! Informasjonsarbeid!
- DNT (Ålesund-Sunnmøre) er den viktigaste kjelda til informasjon for dei besøkande, jf. undersøkinga

I samband med arbeidet med besøksstrategien vart det gjennomført ei kartlegging av reiselivsbedrifter Knytt til verneområda, og i kommunane kring verneområda (randsona).

## Sentrale dokument

**Naturmangfaldlova** vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

**Verneforskrifter** for Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområder og Brettingsmoen naturreservat, vart sett i kraft 24.11.2006.

**Forvaltningsplan** for Reinheimen vart vedteken i mars 2010, og skal reviderast etter 10 år.

## 3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2019

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og med andre politiske verv i tillegg. Det er lagt opp til minimum 4 fysiske møte i løpet av året. Ved behov vert arbeidsutvalet (AU) nytta for å behandle dispensasjonssaker som ikkje er delegert til forvaltar, men som krev politisk behandling.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen hadde 6 møte i 2019, og behandla **41 saker**.

|      |            |   |
|------|------------|---|
| 1/19 | 18.mars    | Grand Hotel Bellevue, Åndalsnes   |
| 2/19 | 7.juni     | Telefonmøte   |
| 3/19 | 24.juni    | Norsk fjellsenter, Lom  |
| 4/19 | 4.juli     | Telefonmøte   |
| 5/19 | 24.sept.   | Valldal rådhus, Valldal<br>(inkl. møte med rådgjevande utval, overnatting 23.-24.sept.) |
| 6/19 | 2.desember | Aak Hotel, Åndalsnes<br>(avslutning for styret, overnatting 2.-3.des)                   |

Arbeidsutvalet hadde 1 møte i 2019 og behandla **1 sak**.

|      |          |                   |
|------|----------|-------------------|
| 1/19 | 23.04.18 | e-post behandling |
|      |          |                   |

Forvaltarane har i medhald av delegert myndigheit gjort administrative vedtak i **40 saker**.

Under er ei oversikt over vedtak i nasjonalparkstyret, AU eller Adm. vedtak, fordelt etter sakstype:

| Type saker   | Tal vedtak<br>2015 | Tal vedtak<br>2016 | Tal vedtak<br>2017 | Tal vedtak<br>2018 | Tal vedtak<br>2019 |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| <b>Adm./generelle vedtak (Styre/AU)</b>  | <b>18</b>          | <b>29</b>          | <b>24</b>          | <b>22</b>          | <b>23</b>          |
| <b>Vedtak om motorferdsel, inkl. drone<br/>(Styre/AU/Adm.)</b>                                   | <b>72</b>          | <b>72</b>          | <b>43</b>          | <b>38</b>          | <b>32</b>          |
| <b>Vedtak om tilrettelegging (bygg,<br/>anlegg, bru, inngjerding, stiar o.l.)<br/>(Styre/AU)</b> | <b>16</b>          | <b>15</b>          | <b>11</b>          | <b>14</b>          | <b>10</b>          |
| <b>Vedtak om plassering båtar, lavvo,<br/>garnkasse</b>  | <b>3</b>           | <b>3</b>           | <b>2</b>           | <b>4</b>           | <b>2</b>           |
| <b>Vedtak om arrangement, ferdsel</b>  | <b>1</b>           |                    |                    | <b>3</b>           | <b>2</b>           |
| <b>Generelle uttaler</b>   | <b>3</b>           |                    |                    |                    |                    |
| <b>Vedtak om plan og planarbeid</b>  | <b>2</b>           |                    | <b>1</b>           | <b>2</b>           |                    |
| <b>Vedtak om økonomi</b>   | <b>2</b>           | <b>2</b>           | <b>2</b>           | <b>2</b>           | <b>2</b>           |
| <b>Klagebehandling</b>   | <b>1</b>           |                    | <b>1</b>           | <b>4</b>           | <b>2</b>           |
| <b>Andre tiltak(Styre/AU)</b>  | <b>3</b>           | <b>7</b>           | <b>6</b>           | <b>1</b>           | <b>4</b>           |
| <b>Sum</b>   | <b>121</b>         | <b>128</b>         | <b>90</b>          | <b>90</b>          | <b>76</b>          |

Saksmengda i 2019 ber som tidlegare år preg av relativt mange enkeltsaker innafør verneområdet. Men det er ein markert nedgang av søknader om motorferdsel, samanlikna med 2015 og 2016. Årsaka til det er at det er gjeve fleirårig dispensasjon, inntil 5 år, i kurante søknader. Tal på byggesaker og liknande held seg framleis jamt i verneområda. Søknader om motorisert ferdsel er relativt forutsigbart, men det er ei lita auke i søknader som gjeld bruk av drone i samband med overvaking, kartlegging og filmprosjekt. Oppfølging av tiltak i verneområdet med synfaring og møter, og saker knytt til administrasjon, økonomioppfølging er på same nivå som tidlegare år.

## Spesielle saker

Nasjonalparkstyret for Reinheimen er bevisste på at verneområda skal har eit «spesielt strengt vern mot inngrep og motorferdsel ved behandling av einskildsaker», og dei ser heilskapen i verneområda – på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

## Helikopterflyging

Styret har gjort prinsipielle vedtak på søknader om landing og låg flyging med helikopter i verneområdet i samband med filmopptak til TV og PR tiltak. Det vert gjeve avslag på søknader som skal marknadsføre produkt der naturen og verneområdet primert er ei kulisse. Nasjonalparkstyret meiner at slik motorisert trafikk bør leggast utanom verneområdet. Dersom filmopptaka skal formidle kunnskap om verneverdiane, har nasjonalparkstyret i nokre saker gjeve dispensasjon til bruk av motorisert framkomstmiddel om det er heilt nødvendig.

## Drone


Bruk av drone er ei relativt ny sakstype, men det er ei auke i søknadar om bruk av drone i samband med filmproduksjon, overvaking og i samband med kartlegging, t.d ras og ustabile fjellparti, kulturminne, i samband med sanking av beitedyr og villreinteljing. Regulering av drone i verneområda skal etter kvart innarbeidast i ny verneforskrift for Reinheimen, eit arbeid som starta opp i 2017, men som har teke lenger tid enn forventa. Nasjonalparkstyret gjorde derfor eit vedtak, 19.09.18 i sak 2018/4499, for å forenkle behandling av søknader om bruk av drone. Bruk av drone i verneområdet skal haldast på eit minimum og avgrensast til «nytteflyging», jf. matrisa under:

| Type søknad   | Reinheimen nasjonalpark   | Mannen            | Vilkår ved ja / grunngeving på avslag   | Døme saker ephorte             |
|---|---|-------------------|---|--------------------------------|
| <b>Forskning, naturdokumentasjon</b>                              | Ja, men på vilkår   | Ja                | Styre unna sårbare område på sårbare årstider   | 2018/3516                      |
| <b>Overvåking rasområde</b>                                       | Ja  | Ja                |   | 2015/4791                      |
| <b>Naturprogram, Formidling av Reinheimen</b>                     | Ja, men på vilkår   | Ja                | Styre unna sårbare område på sårbare årstider   | 2017/2652<br>2016/6126         |
| <b>Landbruksføremål</b>   | Ja, men på vilkår   | Nei               |   | 2017/925<br>Prøveprosjekt 2018 |
| <b>Reiselivs-destinasjon, overordna marknadsføring</b>            | Ja (Trollstigenområdet)<br>I utgangspunktet nei i andre område. | Ja, men på vilkår | Ikkje marknadsføre aktivitetar til ulike årstider i sårbare område. Kan gå ut over verneverdiane, og såleis ikkje grunnlag for å bruk § 48. |                                |
| <b>Enkeltbedrift lokalisert i verneomr.</b>                       | Nei, krav om samordna søknad for reiselivsselskap/destinasjon   | Nei               | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning                 |                                |
| <b>Arrangement/ konkurransar, promoterings-video</b>              | Nei   | Nei               | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning                 |                                |
| <b>Aktivitetsfirma tur-dokumentasjon for grupper</b>              | Nei   | Nei               | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning                 |                                |
| <b>Private turar , film for sosiale media - Facebook, YouTube</b> | Nei   | Nei               | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning                 |                                |
| <b>Nyheitsformidling/ riksmedia</b>                               | Strengt vilkår  | Ja                | Må vera ein alvorleg situasjon av stor allmenn interesse  | 2017/6068<br>2018/3913         |
| <b>Underholdningsprogram</b>                                      | Nei   | Nei               | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning                 |                                |
| <b>Spelefilm</b>  | Nei   | Nei               | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i   |                                |

|                |     |     |  |  |
|----------------|-----|-----|--|--|
|                |     |     | vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning  |  |
| <b>Reklame</b> | Nei | Nei | Reklame kan leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje utløyser behov for disp. |  |

### Basestasjonar for nasjonalt naudnett

Etablering av 3 basestasjonar for nasjonalt naudnett på fjelltoppane Hurrungen (ROL089), Skarvedalseggen (ROL100) og Skarfjellenden (RMR057) i verneområdet har ført til auka helikopterflyging i verneområdet. Basestasjonane er markert med raudt i kartet under:



Basestasjon på Hurrungen vart utbeta hausten 2017, pga store driftsproblem. Både forvaltar og nasjonalparkstyret har peika på utfordringane overfor dei driftsansvarlege. I 2018 har det ikkje vore spørsmål om ekstra flyging/bruk av snøscooter for vedlikehald og ettersyn. Det kan virke som basestasjonane no fungerer betre.

### Endring av verneforskrift

Endring av verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, (sak 2017/1242):

Det er i Meld. St. 18 (2015-2016), foreslått og å opne for sykling på vegar og stigar i nasjonalparkar og landskapsvernområda. Arbeidet stoppa opp i 2017, men miljødirektoratet har på miljøvernkonferansen i 2019 signalisert at arbeidet skal starte opp att i 2020.

### Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda (bestillingsdialogen). Nasjonalparkstyret meldte inn behov for finansiering av tiltak på hausten 2019. Etter tildeling av midlar til verneområdet i mars 2019, prioriterte nasjonalparkstyret tiltak for gjennomføring i løpet av året.

| Tiltaksmidlar for 2019 (bestillingsdialogen)    | Tildeling | Tillegg | Regnskap | Gjennomføring, merknad |
|---|-----------|---------|----------|------------------------|
| <b>Skjøtsel</b>                                 |           |         |          |                        |
| <i>Skjøtsel Romsdalen lvo</i>                   |           |         | 7 040    | Geir Hanekamhaug       |
| <i>Skjøtsel Lordalen lvo</i>                    |           |         | 14 000   | Kent Nyløkken          |
| <i>Skjøtsel Finndalen lvo</i>                   |           |         | 7 060    | Solcelle strømgjerde   |
| <b>Informasjon/innfallsport/tilrettelegging</b> |           |         |          |                        |

|   |   |                            |                |  |
|---|---|----------------------------|----------------|--|
| Verneskiilt, droneforbod  |   |                            | 3 918          | Grafika AS<br>(rammeavtale)              |
| Billingen – grafisk arbeid skiltsystem, natur- og kulturstig, portalskiilt i cortenstål |   |                            | 95 000         | DMT AS                                   |
| Billingen – 9 furustolper til natur- og kulturstig                                      |   |                            | 2 869          | Skjåk Trelast AS                         |
| Billingen – 12 cortenstålplater til opplysningsskiilt                                   |   |                            | 117 240        | Stryvo AS                                |
| Ny nettside Reinheimen - besøksside   |   | <i>omdisponert</i>         | 49 950         | Trollbinde AS                            |
| Turbeskrivelser ved Billingen   |   | <i>omdisponert</i>         | 20 000         | Outtt AS                                 |
| Tussheim – fundamentering og montering portalskiilt                                     |   | *tilleggsøyving            | 97 782         | Lesja Byggservice AS                     |
| Tussheim – portalskiilt i cortenstål  |   | *tilleggsøyving            | 31 500         | Frank Smed                               |
| Tussheim – grafisk arbeid verneplakat   |   | *tilleggsøyving            | 28 690         | Trollbinde AS                            |
| Tussheim – 3 cortenstålplater til infoplakater  |   | *tilleggsøyving            | 60 261         | Lonbakken AS                             |
|   |   |                            |                |  |
| Tildelt Reinheimen 2019   | 300 000   |                            |                |  |
| <i>*akseptert meirforbruk 2019, til Tussheim</i>  | 230 000   |                            |                |  |
| <b>SUM</b>  | <b>530 000</b>  |                            | <b>535 310</b> |  |
|   |   |                            | -5 310         | <i>meirforbruk</i>                       |
|   |   |                            |                |  |
| <b>Drift</b>  |   | <b>Budsjett</b>            |                | <b>Rekneskap</b>                         |
| <b>Sekretariat, fylkesmannen i Innlandet, og Møre og Romsdal</b>                        | kontorhald, reiser, m.m. utanom løn   | <i>Ikkje eiga budsjett</i> |                | <i>Inngår i fm sitt budsjettregnskap</i> |
| <b>Styret og utvala</b>   | Reise- og møtegodtgjersle nasjonalpar<br>Reiseutgifter rådgjevande utval,<br>Administrativt kontaktutval                          | <b>350 000</b>             |                | <b>394 463*</b>                          |
|   |   |                            |                | <i>*meirforbruk 44 463</i>               |
| <b>Besøksstrategi</b>   | Møte besøksstrategi og med MU om skjøtselsplanar  | <b>20 000</b>              |                | <b>3 391</b>                             |
| <b>Skjøtselsplan</b>  | Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap i verneområde knytt til Reinheimen (tillegg til kontrakt: Miljøfagleg utredning AS) | <b>162 000</b>             |                | <b>182 200</b>                           |
| <b>SUM</b>  |   | <b>182 000</b>             |                | <b>185 591**</b>                         |
|   |   |                            |                | <i>**meirforbruk 3 591</i>               |

Nasjonalparkstyret får tildelt budsjettmidlar til drift, og arbeid med forvaltningsplanar, besøksstrategiar og skjøtselsplanar. Driftsmidlane vert tildelt fylkesmannen i Innlandet, som fører rekneskapan på vegne av nasjonalparkstyret. Drift av sekretariatet kjem i tillegg, og er lagt til budsjettet hjå fylkesmannen i Innlandet og i Møre og Romsdal. I Innlandet er sekretariatet til nasjonalparkstyra skild ut som eiga postar i driftsrekneskapan, og gir rom for å melde inn eige behov knytt til reiser, kontorhald mm.

## Ulovlege tiltak

Det er følgd opp eit ulovlege forhold i verneområdet i 2019. Saka gjeld oppføring av ein ulovleg frittstående uteplass/platting i Finndalen landskapsvernområde. Saka er behandla av

nasjonalparkstyret, og klagesaka er endeleg avgjort av miljødirektoratet. Nasjonalparkstyret må følgje opp saka vidare, slik at forholdet blir retta opp i trå med naturmangfaldlova.

## Andre utval

Det er oppretta eit rådgjevande utval for Reinheimen, som består av 31 representantar for dei ulike interessene i området; grunneigarar, andre offentlege organ, fjellstyrer, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Det vart gjennomført møte med rådgjevande utval 23.sept. 2019 i Valldal, i samband med høyring av besøksstrategien.

Administrativt kontaktutval for Reinheimen deltok også på møte i rådgjevande utval 23.sept. 2019. Kontaktutvalet består av 9 personar, med representantar frå kommuneadministrasjon, fylkeskommunen og besøkscenteret.

## 4. Aktivitet

### Informasjon

Det er eksisterar 18 informasjonspunkt med informasjonsplakatar kring Reinheimen. I tillegg er det 32 mindre informasjonstavler, 7 skilt om ferdselsreglar, 6 bronseplakettar og 100 verneområdeskilt. Nasjonalparkstyret for Reinheimen har nettsida <http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/>, og har side på facebook <https://www.facebook.com/Reinheimennasjonalpark/>, og konto på Instagram <https://www.instagram.com/reinheimennasjonalpark/?hl=nb>

SNO og nasjonalparkforvaltar har delteke og informert på arrangement, møter, seminar og på ulike synfaringar. Som jakttoppsyn, er SNO også i direkte kontakt med jegerar under villreinjakta.

Det er ikkje tilsett naturrettleiar for Reinheimen, og skuleopplegga vert tilfeldige etter behov og initiativ frå skular, og andre organisasjonar. SNO skal ikkje drive med naturveiledning. Det er besøkscenter nasjonalpark som i si tildeling skal stå fram som knutepunkt for naturveiledning knytt til verneområda.

Forvaltarane har deltatt på forvaltarsamlingar, møter og arrangement i 2019 både med eksterne partar og interne arbeidsmøte og møte med SNO.

### Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap knytt til Reinheimen

Kulturlandskapet er ein viktig del av verneføremålet i landskapsvernområda. I 2018 vart det etter ein omfattande tilbodskonkurranse inngått kontrakt med Miljøfagleg Utredning AS, om å revidere og utarbeide nye skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen.

Nasjonalparkstyret vedtok oppstart og framdriftsplan på styremøte 26.06.18. Det vart gjennomført oppstartmøte og synfaringar med aktuelle partar i områda juli-august 2018, der totalt 54 deltok på dei 5 oppstartsmøta. Endeleg forslag til skjøtselsplan for Finndalen, Lordalen, Brøstdalen, Gravdehaug, Muldalen-Tafjordsætra vart levert forvaltninga våren 2019.

Skjøtselsplanane vart sendt på høyring, med høyringsfrist 11.november 2019:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Skjotselsplanar-/HOYRING---Skjotselsplanar-knytt-til-verneomrada-i-Reinheimen/>

Det kom inn 18 høyringsinnspel fordelt slik:

| Område                                   | tal innspel | høyringsinnstans  |
|--|-------------|---|
| Finndalen Ivo                            | 5           | Statskog, Skjåk alm, Finndalen bruks- og beitelag, Miljødirektoratet, Oppland fk                                |
| Lordalen Ivo                             | 6           | Skjåk alm., Lesja fjellstyre, Lesja kommune, Geir Ulekleiv, Miljødirektoratet, Oppland fk                       |
| Brøstdalen og Gravdehaug i Romsdalen Ivo | 1           | Møre og Romsdal fk.   |
| Muldalen i Tafjorden-Reindalen Ivo       | 6           | Ola Myklebust og Sissel Rogne, Tafjord Kraftprod., Møre og Romsdal fk., Magnar Dyb, Skjåk alm., Norddal kommune |

Det skal etter plan gjennomførast møter med lokale høyringspartar før nasjonalparkstyret får skjøtselsplan til styrebehandling. Med høyringsfrist i november 2019 vil vidare behandling kunne gjennomførast i 2020.

Planarbeidet vart utvida med oppstartsmøte og kartlegging på Vermedalssetra og Reindalssetra hausten 2019. Forslag til skjøtselsplan for Vermedalsseter i Romsdalen Ivo, og Reindalsseter i Tafjorden-Reindalen Ivo, skal etter plan bli levert forvaltninga våren 2020.

## Besøksstrategi

Arbeidet med besøksstrategi for verneområda i Reinheimen starta formelt opp med vedtak av prosjektplan i juni 2017. I 2018 vart det utarbeidd kunnskapsgrunnlag og innspel frå ulike aktørar. Det vart gjennomført møte og samlingar for ulike aktørar kring verneområdet, og forvaltar hadde møte med relevante aktørar i reiselivet, og utarbeida ei reiselivskartlegging som vedlegg til besøksstrategien.

Besøksstrategi for Reinheimen vart sendt ut på høyring 02.05.2019 med frist 28.06.2019. Det kom inn 16 høyringsinnspel, som ligg ute på nettsida til nasjonalparkstyret:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Besoksstrategi/Hoyring-besoksstrategi/>

I samband med høyringa, vart det gjennomført møte med fagleg rådgjevande utval, administrativt kontaktutval og nasjonalparkstyret 23.09.2019 i Valldal.

### Prosess:

Forvaltningar har gjennomført fleire møte i samband med arbeidet. Ei oversikt følgjer nedanfor:

#### Nasjonalparkstyret:

- Vedtak om oppstart og prosjektplan: 26.06.2017
- orientering om framdrift: 18.09.2017
- orientering om status: 04.12.2017
- Gjennomgang av reiselivskartlegging og justert framdriftsplan: 05.03.2018
- Gjennomgang av 1.utkast: 26.06.2018
- Styret deltok på samling med rådgjevande utval og administrativt kontaktutval der besøksstrategien var hovudtema. Gjennomgang, case og diskusjon: 19.-20.09.2018.



- Vedtak av utkast til besøksstrategi som sendast til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning: 04.12.2018.
- Orientering om høyringsprosess: 18.03.2019.
- Orientering om status høyringsprosess: 24.06.2019
- Styret til stades på møte med rådgjevande utval og administrativt kontaktutval der høyringsuttaler vart presentert 23.09.2019. Diskusjon i styremøte 24.09.2019.

Møte med administrativt kontaktutval: 12.10.2017, 23.04.2018, 19.-20.09.2018, 30.01.2019, 23.09.2019.

Møte med rådgjevande utval: 19.-20.09.2018, 23.09.2019.

#### Presentasjonar:

- Presentasjon av arbeidet tidleg fase, Fjellpub Lesja: 30.11.2017
- Presentasjon av utkast besøksstrategi for formannskapet i Rauma kommune: 08.05.2019
- Presentasjon av utkast besøksstrategi for kommunestyret i Norddal kommune: 09.05.2019
- Presentasjon av utkast Fjellpub Bjorli: 08.05.2019
- Presentasjon av utkast Næringspub Åndalsnes: 04.06.2019

#### Andre møte:

- Reinheimen-Breheimen villreinnemnd: 16.11.2018.
- Nasjonalparkriket: 06.01.2018, 07.10.2019.
- Villreinløypa: 26.04.2018, 29.01.2019.
- Ålesund-Sunnmøre Turistforening: 12.01.2018, 04.03.2019.
- Valldal naturopplevingar: 27.01.2018.
- Guide Romsdal: 07.06.2018.
- Nordveggen: 21.11.2017.
- Miljødirektoratet: 15.08.2018.

Besøksstrategien for verneområda i Reinheimen vart vedtatt på styremøte 02.12.2019, og endeleg godkjent av Miljødirektoratet 18.12.2019:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Besoksstrategi/Besoksstrategi-for-Reinheimen-godkjent/>

## 5. Vidare arbeid

### **Revisjon av forvaltningsplanen:**

Forvaltningsplan for Reinheimen var godkjent i 2010. Forvaltningsplan skal normalt reviderast etter 10 år. Sjølv om gjeldande forvaltningsordning i Reinheimen var på plass etter 2010, så er det pr. i dag ikkje starta opp med det omfattande arbeidet med revidering. Det er i fyrste omgang gjort ei prioritering av å få på plass besøksstrategi for Reinheimen.

### **Kartleggingsarbeid:**

Det var ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området i forkant av at Reinheimen nasjonalpark vart oppretta i 2006. Det er eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bevaringsmål). Kartleggingsarbeid for å styrke kunnskapsgrunnlaget er aktuelt også framover, og avgjerande for forvaltning av verneområda. I tillegg

til kunnskap om naturverdiar i verneområdet, så er det aktuelt med ny besøksundersøking for å oppdatere kunnskap om brukarinteresser og besøkande til Reinheimen og tilknytte verneområde.

## 6. Glimt frå 2019



Fiskebu ved Honnsjoen, Ottadalen Ivo, juni 2019



Steinbu i Gjøingslie, Ottadalen Ivo, august 2019

Høringsmøte om besøksstrategi for Reinheimen, med rådgjevande utval og administrativt kontaktutval, Valldal rådhus 23.sept. 2019



Nytt underskilt ved vernegrensa – droneforbod, ved Trollstigen



Inngjerding av lokalitet med Hengegras, på Breidstulen i Finndalen Ivo, 18.juni 2019



Vellykka inngjerding av Hengegras ved Breidstulen i Finndalen Ivo, 4.sept. 2019

# Årsrapport for 2019 til Reinheimen nasjonalparkstyre fra SNO



**SNO lokalt:**

Per Olav Haugen, kontorsted Skjåk.

Thomas Rødstøl, kontorsted Rauma

**I tillegg er det kjøpt tjenester av:**

Lesja fjellstyre

Finndalen fjellstyre

Skjåk allmenning

Forsidefoto: Grøndalen, Thomas Rødstøl - SNO

## Innhold

|       |   |   |
|-------|---|---|
| 1.1   | Motorferdsel .....                                      | 3 |
| 1.1.1 | Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet .....          | 3 |
| 1.1.2 | Kort om aktiviteten .....                               | 3 |
| 1.1.3 | Resultater eller reaksjoner .....                       | 3 |
| 1.1.4 | Utviklingstrekk eller utfordringer .....                | 4 |
| 1.2   | Verneområder .....                                      | 4 |
| 1.2.1 | Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet .....          | 4 |
| 1.2.2 | Kort om aktiviteten .....                               | 4 |
| 1.2.3 | Resultater eller reaksjoner .....                       | 4 |
| 1.2.4 | Utviklingstrekk eller utfordringer .....                | 5 |
| 1.2.5 | Anbefalte oppfølgingspunkter .....                      | 5 |
| 2.    | Bestillingsoppgaver .....                               | 6 |
| 2.1   | Villreinopsyn .....                                     | 6 |
| 2.1.1 | Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet .....          | 6 |
| 2.1.2 | Kort om aktiviteten .....                               | 6 |
| 2.1.3 | Resultater .....  | 6 |
| 2.1.4 | Utviklingstrekk og utfordringer .....                   | 7 |
| 2.2   | Skjøtsel .....  | 7 |
| 2.2.1 | Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet .....          | 7 |
| 2.2.2 | Kort om aktiviteten .....                               | 7 |
| 2.2.3 | Resultater .....  | 7 |
| 2.2.4 | Utviklingstrekk og utfordringer .....                   | 7 |
| 2.3   | Fremmede arter .....                                    | 8 |
| 2.3.1 | Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet .....          | 8 |
| 2.3.2 | Kort om aktiviteten .....                               | 8 |
| 2.3.3 | Resultater .....  | 8 |
| 2.3.4 | Utviklingstrekk og utfordringer .....                   | 8 |
| 2.3.5 | Anbefalte oppfølgingspunkter .....                      | 8 |
| 2.4   | Bestandsovervåking rovvilt, fjellrev og rovfugler ..... | 9 |
| 2.4.1 | Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet .....          | 9 |
| 2.4.2 | Kort om aktiviteten .....                               | 9 |
| 2.4.3 | Resultater .....  | 9 |
| 2.4.4 | Utviklingstrekk og utfordringer .....                   | 9 |

# 1. Kjerneoppgaver (kontroll, tilsyn, informasjon, mv)

Miljødirektoratet er et statlig forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet (KLD). Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratets operative feltorgan. SNO ivaretar nasjonale miljøverdier og forebygger miljøkriminalitet. Oppgavene spenner fra kontroll, overvåking og informasjon, til skjøtsel og tilrettelegging i verneområder. SNO har også mange oppgaver knyttet arter som villrein, laks og fjellrev, samt registrering, dokumentasjon og felling av store rovdyr.

Ledelsen i SNO sitter i Trondheim, og vi har 95 naturoppsyn fordelt på 58 kontorer spredt over hele landet.

## 1.1 Motorferdsel

### 1.1.1 Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet

I 2018 og 2019 har det blitt fokusert på et forsterket oppsyn med motorferdsel i utmark, bestillingen er framhevet i Budsjett-Prp. 1 S. Motorferdselskontroll er et kjerneoppdrag for hele korpset, og innsatsen har økt de siste par årene.

### 1.1.2 Kort om aktiviteten

I Reinheimen er det generelt god kontroll på motorferdsel i utmark. Leiekjøringsordningen bidrar til at vi har god oversikt og at det er relativt få som står for snøscooterkjøringa i verneområdene.

Det er likevel noe scooterkjøring som ikke er i tråd med gitte tillatelser og det er enkelte år noe ulovlig kjøring i eller i randsonen til verneområdet. SNO har derfor i samarbeid med politiet gjennomført noen planlagte tilsynsaksjoner de siste par årene. I tillegg har vi respondert på tips fra publikum.

Vi har også få tilfeller av ulovlig barmarkskjøring, SNO har de siste årene hatt fokus på å følge med på dette særlig i forbindelse med storviltjakt og med utgangspunkt i veien som går inn i verneområdene.

### 1.1.3 Resultater eller reaksjoner

I 2018 resulterte arbeidet i 3 anmeldelser av ulovlig motorferdsel med snøscooter i Reinheimen og randsonen til Reinheimen. Vi fulgte derfor opp med tilsvarende innsats i 2019, men har i år ikke avdekket forhold som har blitt anmeldt.

Vi har ikke avdekket saker med ulovlig motorferdsel på barmark de siste to årene.



### 1.1.4 Utviklingstrekk eller utfordringer

SNO har ganske god oversikt over motorferdselen i Reinheimen. Vi kommer til å følge opp også i kommende år for å hindre at den ulovlige motorferdselen øker.

## 1.2 Verneområder

SNO er mye tilstede i verneområdene i Reinheimen i løpet av året. Det er stor variasjon gjennom året med hensyn til hvilke utfordringer vi møter. Uansett oppdrag vi er ute på i Reinheimen fører vi et helhetlig tilsyn når vi er i felt.

### 1.2.1 Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet

Kontroll med etterlevelse av forskrifter og andre bestemmelser i verneområder er en viktig løpende oppgave. I 2019 var målet at samtlige dispensasjoner gitt til irreversible bygg og inngrep i perioden 2014-2018 innen verneområdene skulle kontrolleres.

### 1.2.2 Kort om aktiviteten

SNO Reinheimen gjennomførte i 2013 kontroll med alle tillatelser til irreversible bygg og inngrep gitt i perioden 2008-2013. Årets tilsyn med alle tilsvarende tillatelser gitt i perioden 2014-2018 gjør at vi har kontrollert nesten alle tillatelser av denne typen som er gitt siden Reinheimen ble vernet.

### 1.2.3 Resultater eller reaksjoner

Gjennom dispensasjonskontrollen vi gjennomførte i 2013 kontrollerte vi totalt 36 saker. Av disse fant vi avvik i 20 saker, mens 6 saker ikke var påbegynt. For de 10 sakene der det ikke var noen avvik, gjaldt dette mindre tiltak der det var stilt får eller ingen vilkår.

I 2013 ble 3 saker anmeldt mens 14 saker ble rapportert til forvaltningsmyndighet eller gitt løyve i ettertid. 8 av sakene er senere fulgt opp av forvaltningsmyndighet med krav om helt eller delvis gjenoppretting.

I 2019 har vi kontrollert 12 tillatelser til irreversible bygg og inngrep. 3 saker ble ikke kontrollert på grunn av tidlig snøfall, disse vil bli kontrollert i 2020.

Av de 12 kontrollerte sakene i 2019 fant vi mindre avvik i 5 av sakene. Dette var avvik i forhold til tillatelsen når det gjaldt vilkår om maksimal størrelse og utforming. Ingen av avvikene ble vurdert som så store at de ble rapportert til nasjonalparkstyret.

I tillegg har vi siden 2013 rapportert til nasjonalparkstyret om to utedoer som er bygd uten tillatelse. Nasjonalparkstyret har i begge sakene gitt tillatelse i etterkant.

Totalt har vi altså kontrollert 44 tillatelser til irreversible bygg eller inngrep siden 2008. Av disse har 3 blitt anmeldt, 16 saker har blitt rapportert til forvaltningsmyndigheten, 8 av sakene har hatt mindre avvik som ikke har blitt fulgt opp. I 17 av saken har vi ikke funnet avvik.

#### 1.2.4 Utviklingstrekk eller utfordringer

Det er en utfordring når det er større eller mindre avvik i forhold til tillatelse i 61,5% av de 44 sakene vi har kontrollert i 2013 og 2019.

#### 1.2.5 Anbefalte oppfølgingspunkter

Kontroll av denne typen avdekker både brudd og avvik på de gjennomførte tiltakene i forhold til tillatelsene, men også at det er behov for å fortsatt ha en dialog mellom SNO og forvalterne/nasjonalparkstyret med hensyn til utforming av vilkårene som blir gitt.

Fra SNO sitt ståsted er det viktig at de vilkårene som stilles i tillatelsene må være forståelige, presise og kontrollerbare.

En del av avvikene kunne også trolig vært unngått dersom nasjonalparkstyret krevde bedre dokumentasjon i søknaden, jfr. Byggesøknader som behandles etter pbl. Da ville også søker måtte planlegge sine tiltak bedre og sjansene for avvik ville trolig bli redusert.

## 2. Bestillingsoppgaver

I tillegg til sine lovbestemte oppsynsoppgaver får SNO årlige bestillingsoppgaver fra flere forvaltningsnivå, det vil si statlig (KLD, Miljødirektoratet), regionalt (fylkesmenn, fylkeskommuner, nasjonalpark- og verneområdestyrer) og lokalt (kommuner (verneområder)) nivå.

Særlige bestillinger eller føringer fra staten ved Miljødirektoratet eller departement kalles sentrale bestillinger og føringer

### 2.1 Villreinoppsyn

Villrein er en ansvarsart for Norge og er i tillegg et sentralt verneformål i Reinheimen.

#### 2.1.1 Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet

For villrein settes det særlig fokus på jaktoppsyn i områder med erfart risiko for regelbrudd.

#### 2.1.2 Kort om aktiviteten

SNO deltar hvert år med flere fast ansatte i jaktoppsynet. I tillegg engasjerer villreinutvalget flere sesongoppsyn til villreinjakta. Totalt er det 20 personer som veksler på å være tilstede i felt under jakta i Reinheimen og Breheimen. De som ikke er fast ansatt i SNO får tildelt SNO-oppsynsbevis for den aktuelle oppsynsperioden.

I 2019 bidro SNO med totalt 29 dagsverk (343 timer) under jaktoppsynet i Reinheimen. Vi gjennomførte 36 kontroller og informerte 161 personer i løpet av jakta.

I tillegg har SNO en sentral rolle i den faglige utføringa av oppsynsarbeidet og i oppsynssamlinger både før og etter jakta. SNO står for innsamling av cesium-prøver for en kontinuerlig overvåkning av radioaktiviteten i villreinkjøtt.

SNO følger også med på villrein til andre tider på året bl.a. under kalvinga, for å sikre at de ikke blir utsatt for unødvendig og ulovlig forstyrrelser. Vi deltar også i bestandsovervåkninga i samarbeid med villreinutvalget.

#### 2.1.3 Resultater

I år var det i det store og hele ei rolig og fin jakt. Dette tror vi bla skyldes:

- oppsynets sterke fokus på human jaktutøvelse og oppfølging av inhuman jaktutøvelse over flere år
- reinen gikk spredt noe som førte til mindre konsentrasjoner av jegere

- oppsynet har skjermet oppsynsradio som ikke kan avlyttes av andre
- vage opplysninger om hvor reinen står på villreinutvalgets hjemmesider

Det ble likevel avdekket noen uheldige episoder og totalt ble 4 saker anmeldt til politiet i Reinheimen-Breheimen villreinområde.

Etter jakta gjennomførte vi strukturtelling sammen med villreinutvalget. Reinens områdebruk blir registrert gjennom hele året.

#### 2.1.4 Utviklingstrekk og utfordringer

Det har de siste to høstene blitt avdekket ganske mange tilfeller av klauvråte i løpet av jakta. Det har også dukket opp klauvråte i flere andre villreinområder. Dette er en utvikling vi vil følge med på framover.

## 2.2 Skjøtsel

Det er en del områder i Reinheimen som er avhengig av kontinuerlig skjøtsel for å bestå. En del andre områder er aktuell for restaurering gjennom skjøtsel. Nasjonalparkstyret har utarbeidet noen skjøtelsplaner og flere er under arbeid.

#### 2.2.1 Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet

SNO skal være et kompetansemiljø for bl.a. skjøtsel og restaurering i verneområder. Vi gjennomfører derfor noe skjøtsel på bestilling fra nasjonalparkstyret.

#### 2.2.2 Kort om aktiviteten

I Reinheimen blir en del av skjøtselen gjennomført ved at nasjonalparkstyret har avtaler med grunneiere. SNO har få bestillinger, men har i flere år gjennomført restaurering av to områder i Lordalen og et i Finndalen. Arbeidet går ut på å åpne opp gjengrodde områder og blir i stor grad utført gjennom tjenestekjøp med Lesja fjellstyre og Finndalen fjellstyre. Arbeidet gjøres i tråd med vedtatt skjøtelsplan for områdene.

#### 2.2.3 Resultater

I 2019 har det blitt brukt noen dagsverk på å fjerne stor skog mellom vegen og Skriu i Lordalen. De største furuene har blitt satt igjen i tråd med skjøtelsplan.

På "gamle Sterringen" i Finndalen ble det utført to dagsverk med rydding av einer.

#### 2.2.4 Utviklingstrekk og utfordringer

I årene framover blir det trolig mindre maskinelt arbeid og mer fokus på en gradvis utviding av de åpne områdene ved å fjerne einer. Skjøtelsplanen legger vekt på at området ikke må åpnes for fort, men at en må gjøre dette gradvis.

## 2.3 Fremmede arter

En fremmed art er en art som ikke spredt seg naturlig til området. En av ti fremmede arter blir et problem fordi den dominerer i naturen og fortrenger mangfoldet av arter som er der fra før. I Reinheimen har vi ikke en fullstendig oversikt over omfanget av fremmede arter. Noen er registrert men det har i liten grad blitt satt i gang arbeid med å fjerne dem.

### 2.3.1 Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet

Kontroll med utplanting av utenlandske treslag og spredning av fremmede organismer.

### 2.3.2 Kort om aktiviteten

I Reinheimen er det foreløpig kun et sted i Romsdalen lvo vi arbeider med å fjerne fremmede arter. Her har vi en bestand av Parkslirekne som har stått i en hage ved Gravdehaug. Husene er fjernet og bestanden står kun få meter fra en viktig orkideeng.

### 2.3.3 Resultater

Arbeidet med å fjerne bestanden ble startet opp for 10 år siden. Fortsatt er det enkeltskudd som kommer opp hvert år, men bestanden er under kontroll og vil bli fjernet.

### 2.3.4 Utviklingstrekk og utfordringer

Det er flere steder registrert norsk gran (som ikke er naturlig på vestsiden av Reinheimen), platanlønn og sporadiske forekomster av andre arter.

### 2.3.5 Anbefalte oppfølgingspunkter

Det er trolig innsatseffektivt om vi får registrert de spredte forekomstene av fremmede arter og fjerner dem som utgjøre en trussel før de sprer seg ytterligere i området de står.

## 2.4 Bestandsovervåking rovvilt, fjellrev og rovfugler

SNO er ansvarlig for feltarbeidet i forbindelse med overvåking av de store rovdirene. Vi har også en del oppgaver i forbindelse med bestandsovervåking av fjellrev.

### 2.4.1 Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet

Det er en videreført høy prioritet på arbeidet med bla. store rovdyr og fjellrev.

### 2.4.2 Kort om aktiviteten

SNO har sentrale bestillinger på bestandskartlegging av store rovdyr. I Reinheimen er det kun jerv som har fast tilhold. For å registrer bestanden benyttes to metoder, karlegging av ynglinger og innsamling av DNA. Feltarbeidet gjennomføres av SNO etter egne instruksjoner som er tilgjengelig på [Rovdata.no](http://Rovdata.no).

Både registrering av ynglinger og innsamling av DNA fra jerv forutsetter en stor tilstedeværelse av SNO i perioden fra februar til førefall på våren.

SNO har også et oppdrag på overvåking av fjellrev. I Reinheimen er det mange gamle fjellrevhi som besøkes i forbindelse med bestandsregistreringen av jerv.

Vi gjennomfører også deler av overvåkingen av jaktfalk og kongeørn i forbindelse med dette arbeidet.

For både bestandsregistrering av jerv, fjellrev, jaktfalk og kongeørn vil det ofte være behov for barmarkskontroller i sommerhalvåret for å bekrefte eller avkrefte yngling/hekking.

### 2.4.3 Resultater

SNO sine funn av ynglehi og DNA for jerv og fjellrev vurderes av NINA som godkjenner arbeidet og kommer med de endelige vurderingene av bestanden.

For fjellrev har vi de siste årene på det meste hatt aktivitet på 3 hi samtidig i Reinheimen. På to av hiene har det vært ynglinger. Det ble ikke dokumentert yngling av fjellrev Reinheimen i 2019.

For jerv er bestanden ganske stabil med noe variasjon fra år til år. I 2019 ble det dokumentert 4 ynglinger av jerv innenfor Reinheimen.

### 2.4.4 Utviklingstrekk og utfordringer

Arbeidet er tidkrevende særlig med mer ustabile værforhold i registreringsperioden.

### Statens naturoppsyn

**Telefon:** 03400/73 58 05 00 | **Faks:** 73 58 05 01

**E-post:** [post@naturoppsyn.no](mailto:post@naturoppsyn.no) | **Nett:** [naturoppsyn.no](http://naturoppsyn.no)

**Post:** Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim

**Besøksadresse:** Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

Miljødirektoratet er et statlig forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet. Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratets feltpersonell.

SNO ivaretar nasjonale miljøverdier og forebygger miljøkriminalitet. Oppgavene spenner fra kontroll og overvåking, til skjøtsel i verneområder, tilrettelegging i viktige natur- og kulturminneområder, informasjon og formidling.

SNO har også mange oppgaver knyttet til store rovdyr, både registrering av bestander, dokumentasjon av skader på husdyr og tamrein, og uttak av dyr det er gitt fellingstillatelse på. Ledelsen i SNO sitter i Trondheim, og vi har ca. 60 lokalkontor spredt over hele landet.



Arkivsaksnummer: 2019/18025-5

Saksbehandlar: Ingvild Øyjordet

Dato: 31.01.2020

| Utval                             | Utvalssak | Møtedato   |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 7/2020    | 18.03.2020 |

## Behandling av klage - Trollstigen LVO - Dispensasjon - 2019 - Montering av værstasjon - langs Fv63 Trollstigen - Statens vegvesen

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek klaga frå Statens Vegvesen til følge. Nasjonalparkstyret vurderer opphaveleg omsøkt plassernig av værstasjon som mest hensiktsmessig, både med omsyn på verneverdiane inkludert synlegheit i landskapet og for at værstasjonen skal tene sitt føremål som bidreg til verdifull kunnskap til sikkerheitsvurderingar knytt til Fv63.

Med bakgrunn i utdjupa opplysingar frå Statens Vegvesen til saka i klagebrev og vurdering av alternative plasseringar av værstasjon, endrar nasjonalparkstyret for Reinheimen styrevedtak om å finne alternativ plassering av værstasjon på Trollstigen. Vedtaket står som innstilling i fyrstegongsbehandling av saken med vurderingane gjort i saksutgreiinga, i tillegg til utfyllande vurdering i denne saksutgreiinga.

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Statens Vegvesen dispensasjon til oppsetting av værstasjon i Trollstigen landskapsvernområde. Tiltaket er viktig for å ivareta samfunnsinteresser i eit område med stort omfang av besøk.

#### Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Værstasjonen skal plasserast som vist på kart og bilete i vedtaket; 3 meter frå vegen, koordinatar: UTM-sone 32, 6925218 N, 0430981 E.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding, er desember 2022. Etter dette fell dispensasjonen bort.

Statens naturoppsyn vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i tråd med vedtak. Det blir gjort merksam på tiltaket må avklarast med grunneigar og Rauma kommune.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad frå Statens Vegvesen, 14.10.2019.
- Avslag på søknad, vedtak 38/19, 02.12.2019, nasjonalparkstyret for Reinheimen.
- Klage frå Statens Vegvesen, 20.12.2019.



## Saksopplysningar

Klage frå Statens Vegvesen på styrevedtak 38/19, journalført 20.12.2020:

*Vi viser til vår søknad datert 14.10.2019 om ovannemnde om plassering av vêrstasjon langs veg innanfor Trollstigen verneområde. Vi visar vidare til nasjonalparkforvaltar for Reinheimen si innstilling til utvalssak 38/2019 (datert 21.10.2019) og vedtak i saka som er gjort av nasjonalparkstyret for Reinheimen 2.12.2019 slik dette er formidla til oss i brev datert 13.12.2019 (jfr. 2019/18025-3 432.2).*

*I vedtaket blir Statens vegvesen bedt om å finne ei alternativ plassering utanfor Trollstigen landskapsvernområde, noko som i praksis er eit førebels avslag på vår søknad. Slik vi ser det, vil det ikkje la seg gjere å etablere ei kvalitetsmessig god datainnsamling innanfor den opparbeidde turistattraksjonen ved Trollstigakafeen. Vi ønskjer difor å klage på vedtaket. Samtidig vil vi gjerne gje ei meir detaljert grunngjeving for vårt ønskje om plassering og kvifor det er eit poeng å plassere vêrstasjonen med ei viss avstand frå turistattraksjonen.*

*Vêrstasjonen skal tene to formål:*

- 1) Vi skal delta i eit pilotprosjekt i forskingsprogrammet «Klima 2050» (klima2050.no) i perioden 2020-2022 med sannsynleg vidareføring i operativ drift for varsling av skred- og flaumfare ved intens nedbør. Varslinga skal basere seg på Meteorologisk institutt sine nedbørsradarar langs kysten, bidra til rettidig evakuering og stenging ved ekstremvær og bli kvalitetssikra av lokale målingar av faktisk nedbør frå vêrstasjonen som dermed må stå ved Trollstigen.*
- 2) Vêrstasjonen skal også inngå i Statens vegvesen sitt stasjonsnett, og gje eit betre grunnlag til å drifte Trollstigvegen optimalt med omsyn til vær og føre og gi betre grunnlag for stenging eller andre tiltak ved vanskelege køyreforhold.*

*For begge desse føremåla er vi avhengig i god og påliteleg datafangst samtidig som vi tek omsyn til interessene til både turistattraksjonen og verneføremålet. Området som er teke ut av verneplana for Reinheimen Nasjonalpark er ikkje eit anleggsområde som det står i grunngjevinga, men ein turistattraksjon i regi av Nasjonale turistvegar. Området er utnytta til bygningar, personopphald og parkeringsplassar for turistar. På dei travlaste dagane er alt disponibelt areal brukt til parkering.*

*Ein vêrstasjon skal måle ulike meteorologiske parametrar der det er sett strenge krav til både sensorar og plassering i tråd med internasjonale standardar og nasjonal praksis for innsamling av vêrdata. Td. vil temperatur- og vinddata tape kvalitet om dei står tett oppi ein parkeringsplass med mørke, varme flater og der køyretøy med høgde opptil 4 m står parkert og der folk beveger seg. Stasjonen har også som føremål å måle frost eller snødekke på vegbana. For å få relevante data må stasjonen stå i nærleiken av veggen den skal måle på. Ei alternativ plassering vekk frå veggen og inn på turistanlegget vil dermed vere uinteressant for dette føremålet. Standard vêrstasjonar langs veg har kameraovervaking og dermed strenge krav til personvern (td. GDPR) mtp. både datahandtering og plassering. Det vil vere svært krevjande å overhalde desse krava om vêrstasjonen skulle plasserast inne på turistanlegget.*

*Trollstigen er ein av de største turistattraksjonane i Noreg, og tilkomst frå Åndalsnes medfører fleire km veg i skredutsett terreng. Fleire rapportar peiker behov for rassikringstiltak, og eit av dei ferskaste forslaga går på betre innsamling og bruk av lokale vêrdata. Dette vil gje ei betre overvaking for blant anna å kunne stoppe trafikken på trygge stader. Styrregn og flaumskred kan ha alvorlege konsekvensar og kort responstid i dei bratte fjellsidene rundt Trollstigvegen. Overvaking gir ikkje fullgod sikkerheit, men vil vere eit godt supplement til kostbar og kompliserte fysiske sikringstiltak. Til saman kan alle slike tiltak bidra til auka tryggleik for trafikantane. Trollstigen er ønska som pilotstrekning i forskingsprogrammet «Klima 2050» (klima2050.no). Gode resultat kan sikre ei betre*

overvaking av intens nedbør i Trollstigen og vere til nytte for tilsvarande vegstrekningar andre stader i verda.

Det er altså mange grunnar til at vi ynskjer å behalde foreslått plassering av vêrstasjonen på Trollstigen. Vi skulle gjerne ha flytta stasjonen enda lengre opp mot Alnesvatnet, men framlegging av straum frå turistanlegget er både dyrt og krevjande arbeidsteknisk. Og ei flytting inn på turistanlegget ville medføre dårlegare datakvalitet og konflikt med annan bruk.

Vi håper med dette at nasjonalparkstyret eller Miljødirektoratet kan handsame søknaden på nytt. Vi hadde håpa å setje opp vêrstasjonen så snart vegen opnar til våren. Om noko er uklart, svarer vi gjerne på spørsmål. Vi kan også stille på eit møte for å legge fram saken for vidare drøftingar.

## Klaga er vurdert i medhald av:

- Verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova (Nml), 19.06.2009
- Forvaltningslova (Fvl), 10.02.1967

## Klagefrist og klagerett

Klaga frå Statens Vegvesen vart journalført hjå Fylkesmannen i Innlandet 20.12.2019. Statens Vegvesen vart underretta styrevedtaket 13.12.2019. Klaga er sendt forvaltningsorganet, nasjonalparkstyret for Reinheimen, innan klagefristen på 3 veker, jf. fvl. § 29. Avgjersla i saka rettar seg mot Statens Vegvesen som har rettsleg klageinteresse og klagerett jf. fvl. § 2 første ledd, bokstav e). Forvaltningsmyndigheta skal vurdere om klaga gjev grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. *Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak)*.

## Vurdering


Statens Vegvesen klagar på nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak: *Nasjonalparkstyret for Reinheimen utsett saka, og ber om at Statens vegvesen finn alternativ plassering av verstasjon langs Fv 63 Trollstigen, innafor sitt anleggsområde utanfor vernegrensa til Trollstigen landskapsvernområde.*

I klaga kjem Statens Vegvesen med utdjupande opplysningar om nytteverdien av vêrstasjon på Trollstigen samt argumentasjon for plassering som følgde søknaden. Opplysningane i klaga må takast med inn i ny vurdering i saka som nasjonalparkstyret skal gjere. I vedtaket til nasjonalparkstyret 02.12.2019 er berre plasseringa av vêrstasjonen omtalt, der Statens Vegvesen blir bedd om å finne ei alternativ plassering. Sjølve behovet for vêrstasjonen og omsynet til verneverdiane er av nasjonalparkstyret vurdert i saksutgreiing til vedtaket som akseptabelt;

*Statens vegvesen har eit akseptabelt behov for montering av vêrstasjon på Trollstigen. Vegen er vinterstengt og har enorm trafikk i sommarhalvåret. Vêrstasjonen vil vera ein berikelse på våren når vegen skal brøytast samt for å få ferske vêrdata til vurdering av stenging/opning av vegen heile perioden vegen er open. Tiltaket stridar ikkje mot verneformålet og påverkar ikkje verneverdiane nemneverdig. Ein vêrstasjon på Trollstigen vil bidra til auka sikkerheit og vera av vesentleg samfunnsinteresser, jf. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.*

Vurdering av påverknad på verneverdiar av- og behovet for vêrstasjonen følgjer saksutgreiinga til fyrstegongsbehandling, jf. vurdering av tiltak etter naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Handsaming av klaga frå Statens Vegvesen (SVV) rettar seg mot plassering av vêrstasjonen. I klaga skriv SVV at vêrstasjonen stiller ein del krav til plassering for optimal funksjon. Stasjonen må stå inntil veg, men vil ikkje fungere ved å stå nær parkerte bilar. Området som er teke ut av vernet omfattar besøksanlegget på Trollstigen, der berre grøft skiller parkeringsplassen frå Fv63. Området teke ut av vernet er asfaltert. I forlenginga av asfaltert parkeringsplass er det sør frå den sørlegaste innkøyrsele eit grusa område til parkering. Dette ligg innanfor landskapsvernområdet, jf. figur under.



Figur 1. Kart over området med foreslått plassering av vêrstasjon

Figur: Oversikt over området og plassering av vêrstasjonen. Grøn line til høgre midt i biletet markerer grensa for Trollstigen landskapsvernområde inn mot anlegget. Sørlege del av parkeringsplassen (område med grå farge frå grøn strek og sørover) ligg innanfor landskapsvernområdet. Skisse tilsendt av SVV i søknad.

Kapasiteten på Trollstigen er i sommarsesongen sprengt, der alle tilgjengelege parkeringsplassar på anlegget, både på asfaltert og grusa område, er nytta. Plassering av vêrstasjon inntil parkeringsplassar er uhensiktsmessig for funksjonen av stasjonen slik SVV skriv. Behov for overvaking og forebygging for å auke sikkerheita langs infrastruktur er aukande i Noreg og ei sterk samfunnsinteresse. Gode og pålitelege data frå sikre kjelder er avgjerande for auka kunnskap som legg grunnlag for beslutningstakarar på fagområdet.

Omsøkt plassering av vêrstasjonen ligg tett inntil besøksanlegget på Trollstigen. Ei alternativ plassering, som samstundes skal ivareta funksjonen til stasjonen, blir i tilfelle lengre sør og samstundes inn i landskapsvernområdet og bort frå anlegget. Her stig vegen og ein vêrstasjon vil bli meir eksponert. For installasjonar i eller tett opp til terrenget, er det ynskjeleg å samle inngrep. Plassering av vêrstasjonen så tett opp mot besøksanlegget vil vera minst skjemmande i landskapet. Området er i dag prega av større tekniske inngrep som store betongbygningar, utkikkspunkt, parkeringsplass og veg med stor trafikk av mindre og større køyretøy. Ein vêrstasjon vil ikkje vera skjemmande sett opp mot eksisterande inngrep.

Med bakgrunn i utdjupa opplysingar frå Statens Vegvesen til saka og vurdering av alternative plasseringar av vêrstasjon, er det grunnlag for at nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre styrevedtak om å finne ei alternativ plassering av vêrstasjon på Trollstigen. Nasjonalparkstyret vurderer opphaveleg omsøkt plassering av vêrstasjon som mest

hensiktsmessig, både med omsyn på verneverdiane, landskap og for at værstasjonen skal tene sitt føremål.



Arkivsaksnummer: 2020/34-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 02.03.2020

| Utval                             | Utvalssak | Møtedato   |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 8/2020    | 18.03.2020 |

## Reinheimen NP - dispensasjon - oppføring av utedo - Skarvedalen - Skjåk Almenning

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Skjåk Almenning dispensasjon til å oppføre ny utedo, som rekonstruksjon av eksisterande utedo på Skarvedalshytta i Reinheimen nasjonalpark.

Tiltakets omfang vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Ny utedo skal oppførast på same tomt som eksisterande utedo står på i dag, koordinat: Nord=6881755.04 Øst=447541.26.
2. Fundamentet på utedoen skal være enkel mur med naturstein.
3. Utvendig kledning skal vera ståande panel og påførast same farge som på Skarvedalshytta.
4. Taket skal utformast som pulttak, som eksisterande takkonstruksjon. Takmaterialet skal vera tre eller takshingel/papp.
5. Det skal settast inn ny dør som vist på foto i søknaden.
6. Etter oppføring skal utedoen utvendig areal vera: 95 cm x 125 cm, og høgde 2 m.

Motorisert transport av byggematerialar skal avklarast nærare med nasjonalparkforvaltar, slik at transporten blir tilrettelagt for å unngå skade på terreng, eller medfører uro av villrein i sårbare periodar av året. Transporten skal om mogleg samordnast med annan transport.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **01.10.2022**. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad frå Skjåk Almenning, 23.12.2019
- Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48.

## Saksopplysningar

Skjåk Almenning søker om dispensasjon til oppføring av ny utedo ved almenningshytta i Skarvedalen i Reinheimen nasjonalpark. I søknaden står følgjande:

Skjåk Almenning søker med dette om dispensasjon for oppføring av ny utedo ved almenningshytta i Skarvedalen (Reinheimen nasjonalpark).

Doen og hytta er bygd i 1991 og nærmar seg 30 år. Doen er bygd med dårleg materialval i forhold til ver og klima i området da det er brukt spinkel panel som sprekk opp med tiden. I denne samanhengen har naturoppsyn i Skjåk Almenning konkludert med at restaurering ikkje blir aktuelt for dette bygget da det er lite å «lappe» på. Skjåk Almenning ynskjer å rive og frakte ned den gamle doen. Vidare ynskjer vi å byte den ut med ein eldre restaurert utedo.

Doen har fylgjande plassering: Koordinat: Nord=6881755.04 Øst=447541.26.



Doen som vi ynskjer å frakte inn har fylgjande mål:

2 meter mønhøgde x 95 cm breidd x 125 cm lengd.

Doen er kledd med panel av typen dobbelfals 19x148 mm.

Elles er det ikkje vindaug på bygget, døra er ny med rupanel 18x148 mm, svart takshingel (takpapp) som tak og den kjem til å bli måla med same gråfarge som blir brukt på dei fleste almenningsbygg i fjellet. Sjå foto doen vedlagt.



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

### Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

*Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrifta, § 3, pkt. 1.3.

- a) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.
- b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

### Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for bygningar og byggetiltak mm. utdjupa, jf. retningsliner, pkt. 4.3.2, frå s. 38:

**Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b og c.**

*Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i*

- Materialval
- Byggjeteknikk
- Utforming og farge,

*jf. opplistinga ovafor.*

*Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.*

**Nye bygg § 3, pkt 1.1,**

*Nye bygg tillatast ikkje oppført.*

**Vedlikehald § 3, pkt 1.2 a.**

*Med direkte heimel i verneforskrifta kan det utførast eit vanleg bygningsmessig vedlikehald av eksisterande bygningar. Vedlikehaldet skal byggje på den utforminga som bygget har.*

*Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.*

### **Gjenoppføring § 3, pkt 1.3 a.**

*Etter søknad skal ein normalt få løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Som hovudregel skal den nye bygningen settast opp på same plassen og ha om lag same utsjånad som bygget det skal erstatte. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med rettleiaren for lokal byggjeskikk. Bygg som blir bygd opp etter dette punktet skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane, kan forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.*

**Ombygging § 3, 1.3 b og siste ledd.** *Etter søknad kan ombygging av eksisterande bygg normalt tillatast.*

### **Utviding § 3, pkt 1.3 b.**

*Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Utvidingar skal ikkje leggje til rette for auka overnattingskapasitet. Ved vurdering av søknad om utviding skal det leggst vekt på at bygget blir halde i eksisterande storleiksorden, og at nytt bruksareal ikkje blir auka med meir enn 10 %.*

## **Naturmangfaldlova**

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

## **Presedens**

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.


## **Vurdering**

Det er søkt om å rive eksisterande utedo for å oppføre ny do i same storleik. Tiltak som gjeld riving av eksisterande bygg, for nyoppføring, er rekna som oppføring av nybygg, og tillatast ikkje, jf. verneforskrift for Reinheimen, § 3, pkt. 1.1. Riving på grunn av dårlege materialar og slitasje som følgje av vær og vind, kan heller ikkje reknast som gjenoppføring på grunn av tap etter brann eller naturskade, jf. § 3, pkt. 1.3 a. Saka må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48, som unntak frå vernevedtaket.

Verneforskrifta og forvaltningsplanen for Reinheimen nasjonalpark har teke høgde for at det kan vera behov for mindre ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i Reinheimen nasjonalpark. Men i forvaltningsplan er det også presisert at utvidingar etter søknad skal godkjennast dersom det gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Utvidingar skal ikkje leggje til rette for auka overnattingskapasitet. Utskifting av utedo i sama storleik/utforming vil ikkje auke overnattingskapasiteten, men vil gje praktiske forbetringar av eksisterande toalettfunksjon på hytta.



Bruken av Skarvedalshytta er i hovudsak knytt til utleige i samband med jakt/fiske, og turar til Gråhø 2014 m.o.h, det høgste fjellet i Reinheimen. Skarvedalshytta har i følgje reiselivskartlegginga i 2018 hatt aukande overnattingsbesøk, med dobling frå 24 i 2015, til 51 i 2016. Området er fyrst og fremst ein del av beiteområdet for villrein. Dei mest sentrale trekk- og kalvingsområda til villrein er registrert aust for Skarvedalen, og tiltaket vil ikkje påverke villrein sitt noverande beite og trekkområde nemneverdig. I kartet under er trekkområdet vist ved blå felt, og kalvingsområde som rosa felt. Skarvedalshytta er markert med raud sirkel.



Leveområdet til villrein, med vekt på vinterbeite og villreintrekk gjer også at retningslinene i forvaltningsplan er strenge ved vurdering av presedens i samband med bygging av t.d. uthus/utedo i Reinheimen nasjonalpark. Kunnskapen om naturverdiar og villrein sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget). Reinheimen-Breheimen Villreirutval sørger for god overvaking gjennom året. Bygget i seg sjølv vil ikkje komme i konflikt med villreinsinteressane, men det vil vera bruken som kan påverke villrein. Den mest sårbare tida på året for villrein er vinteren. Skarvedalshytta er hovudsakleg nytta i jakt- og fiskesesongen, og tiltaket vil korkje auke eller endre bruken i nemneverdig grad.

I SNO sin feltdagbok (verneområdeloggen) er det registrert 418 bygningar av ulike slag i heile verneområdet Reinheimen, inkludert 6 landskapsvernområde. Av dei registrerte bygga er det 126 byggverk innafor nasjonalparken. Skarvedalshytta er registrert i SNO sin verneområdelogg i 2014, som vist i foto under:



Eksisterande utedo er i følgje søknaden bygd med spinkel panel og dårlege materialer, som det er lite hensiktsmessig å reparere der den står. Ved å rive eksisterande og byte ut med ein ny men lik utedo vil ein kunne se på tiltaket som ei rekonstruksjon. Om ein kallar tiltaket rekonstruering, må ein rette seg etter slik bygget er i dag, med same utforming og prinsipp, med enkel mur/ fundament av naturstein og vidare ståande kledning og same tak. Vedlagte foto i søknaden viser ein anna utforming av taket, enn på eksisterande utedo, som er eit pulttak. Oppgradering som må tillatast er betre vindtetting, med duk. Det bør og kunne leggjast eit tett undertak under evt. tretaket, som inneber nokre cm høgare tak.

Det er i tidlegare saker i verneområdet aksept for å rive noko av eksisterande byggverk for å restaurere, så lenge ein brukar opp mest mogleg av eksisterande berekonstruksjon, og bygger opp att i same storleik og held seg til same dimensjon, utforming og plassering. Det er aksept for å rive den gamle for å byte ut med ein lik utedo som dekker den nødvendige toalettfunksjon på hytta.

Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak vera til stade. Det er relativt grei oversikt over eksisterande hytter og buer i nasjonalparken. I dette tilfelle er også tiltakets omfang avgjerande. Krav til rekonstruksjon av utedoen i dette tilfelle betyr at oppføring av bygget skal ha same storleik med same dimensjon og utforming. Fordelane ved å få på plass ny utedo vil vera stor, og ulempene for verneverdiane små. Ut i frå ei total vurdering er vilkåra for å gje dispensasjon oppfylt. Tiltaket vil ikkje stride mot verneføremålet for Reinheimen nasjonalpark, eller påverke verneverdiane.



Arkivsaksnummer: 2020/3464-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 06.03.2020

| Utval                             | Utvalssak | Møtedato   |
|-----------------------------------|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 9/2020    | 18.03.2020 |

## Høring - Kvalitetsnorm for villrein - Nasjonalparkstyret for Reinheimen

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyre for Reinheimen sluttar seg til at forslaget til Miljøkvalitetsnorm for villrein, jf. høringsbrev fra Miljødirektoratet, datert 02.12.19, vil bli et godt verktøy i samfunnsplanlegging og forvaltning av villreinområda.

Det største trugsmålet mot villreinen i Noreg er fragmentering og tap av leveområder som følge av fysiske inngrep, nedbygging av areal og stadig uro i form av menneskjeleg ferdsel. Den største utfordringen i villreinforvaltninga vil vera å sikre at villreinbestandane har intakte leve- og funksjonsområde av tilstrekkeleg storleik og kvalitet.

I arbeidet med påvirkningsanalysar og tiltaksplanar er det viktig at det vert knytt kontakt med lokale fagmiljø og ressurspersonar. I analysa om påverknad blir det sentralt å stille dei rette spørsmåla, der lokalkunnskap om arealbruk vil vera nødvendig. Det kan også vera føremålstenleg å sette ei tidsramme for når eventuelle tiltaksplanar skal være ferdige, slik at miljøkvalitetsnormen fører til konkrete tiltak, og ikkje berre resulterer i sjølve kunnskapsinnhentinga.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen meiner det er ein mangel ved miljøkvalitetsnormen at det ikkje er ein indikator for «Leveområde og menneskelig påvirkning» som kan brukes på alle villreinområda.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Høring - kvalitetsnorm for villrein (vedlegg)
- Kvalitetsnorm villrein - november 2019 (vedlegg)
- Kvalitetsnorm villrein - Høringsnotat november 2019 (klikk på lenka under)

Alle høringsdokument finnes på: <https://tema.miljodirektoratet.no/horing2019-13819/>

## Saksopplysningar

### Miljøkvalitetsnormen for villrein - målsetning

Miljødirektoratet har i brev datert 02.12.19 sendt forslag til «Miljøkvalitetsnorm for villrein» på høring. Nasjonalparkstyret har fått utsatt høringsfrist til 23.03.20.

Det er Stortinget som har bedt om at en slik kvalitetsnorm utarbeides. Forslaget til kvalitetsnorm bygger på faglege råd frå ein uavhengig ekspertgruppe.

Målet med kvalitetsnormen er at den skal være eit verktøy som skal bidra til ein meir systematisk og målretta forvaltning av dei norske villreinbestandane.

Kvalitetsnormen vil gje relevante forvaltningsmyndigheitar eit godt, heilskapleg og heldekkande kunnskapsgrunnlag. Miljøkvalitetsnormen for villrein skal bidra til at villrein og dei ulike villreinområda vert forvalta på ein slik måte at ein når nasjonale målsettingar, om ivaretaking av levedyktige bestandar innanfor sine naturlige utbredelsesområdar. Noreg har både har eit nasjonalt og eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen, altså syte for tilstrekkelege og gode leveområde.

### Hovudutfordring

Det største trugsmålet mot villreinen i Noreg fastslås å være fragmentering av areal og tap av leveområdar. Villreinforvaltninga si største utfordring er derfor å sikre at villreinbestandane får ha sine leveområder av tilstrekkelig størrelse og kvalitet. Fleire av dei større nasjonale villreinområda har allereie av to eller fleire delbestandar, og det er fare for ytterlegare fragmentering i framtida. Ein manglande heilskapleg arealforvaltning har i mange av villreinens leveområdar medført en «bit-for bit» utbygging som sakte men sikkert bidrar til å øydelegge villreinens livsgrunnlag.


Sikring av villrein sitt leveområde har stått sentralt ved oppretting av fleire store nasjonalparker og landskapsvernområde i fjellområda i Sør-Noreg, og er nedfelt i verneforskriftene som ein sentral del av verneføremålet. Dette gjeld særleg for Reinheimen nasjonalpark, og for Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde - alle verneområde som nasjonalparkstyre for Reinheimen har forvaltningsmyndigheit for. Men verneplanane dekker berre delar av villreinen sine leveområdar.

### Nærmere om miljøkvalitetsnormen - oppbygging

Kvalitetsnormen for villrein er eit system der tilstanden til både villreinen og leveområda blir vurdert etter bestemte reglar. Det er forslag om tre delnormar:

- Bestandsforhold
- Lavbeiter
- Leveområde og menneskeleg påverknad

Dei tre delnormane blir klassifisert i god, middels eller dårleg kvalitet. Kvalitetsnormen er oppnådd når kvaliteten til ein villreinbestand er middels eller god. Den samla klassifiseringa av området blir avgjort av indikatoren med lågast verdi. Dersom t.d. haustvekta for simlekalv er klassifisert som dårleg, vil tilstanden for villreinområdet som heilheit bli vurdert som dårleg.




«God» og «middels» kvalitet er «godkjent», mens «dårleg» er «ikke godkjent».

Målet er at minimum middels kvalitet for det enkelte villreinområde vert oppretthalde eller blir nådd snarast mogleg. Ved middels kvalitet skal ein vurdere om tiltak er nødvendig, og sikre god datainnsamling.

Dersom kvaliteten blir vurdert som dårleg skal det fyrst bli gjennomført ei analyse for å skildre årsaken til at kvalitetsmålet ikkje blir nådd. Dernest skal det bli utarbeidd ein tiltaksplan for korleis målet kan bli nådd. Miljødirektoratet skal ha ansvaret for utarbeiding av tiltaksplanane og lokal og regional forvaltning blir inkludert i arbeidet. Klima- og miljødepartementet vil i samråd med andre aktuelle departement vurdere tiltak og politisk og økonomisk oppfølging.

Klassifisering og påvirkningsanalysar etter kvalitetsnormen skal bli utført av eit fagmiljø med særskilt kompetanse på villrein og arealbruk, og peikast ut av Klima- og miljødepartementet. Departementet skal samordne prosessane med andre berørte departement.

Figur 1: Prinsippskisse miljøkvalitetsnorm for villrein (etter Miljødirektoratet)



## Vurdering

Det faglege grunnlaget for forslaget til «Miljøkvalitetsnorm for villrein» er lagt i NINA-rapport 1400 «Miljøkvalitetsnorm for villrein».

### Lavbeite og bestandsforhald

Miljøkvalitetsnormen byggjer på etablerte metoder og ordningar for registrering og overvaking. Miljøkvalitetsnormen for villrein vil være med på å styrke overvaking av villreinbestandane og beiteressursane.

### Leveområde og menneskjeleg påverknad

Miljøkvalitetsnormen byggjer på NINA-rapport 1400. det bl.a. står:

*«Veger, stier og skiløyper er for en stor grad kartfestet, men en vet lite om mengden og intensiteten av ferdsel i områder hvor det ikke er gjennomført spesielle registreringer ved hjelp av blant annet automatiske ferdselstellere og brukerundersøkelser (se f.eks. Strand mfl. 2015a). Det er også mangel på kunnskap om direkte sammenhenger mellom forekomst av infrastruktur og forstyrrelseeffekt på villrein. Vi har derfor valgt å ta utgangspunkt i villreinens arealbruk og ikke menneskelig arealbruk når vi har foreslått måleparametere for denne delen av normen.»*

Det er god kunnskap om villrein sin arealbruk i Reinheimen gjennom årelege rapportar frå Reinheimen-Breheimen villreinutval, NINA rapportar 227, 643 m.fl., og siste rapport frå regional plan for Ottadalsområdet (2014-2026). For Reinheimen vil ein kvalitetsnorm neppe gje så mykje ny kunnskap, men kunnskapen kan no bli systematisert på ein ny måte, og gje grunnlag for analysar og tiltaksplanar. Det er i den samanheng viktig at det vert lagt føringar for korleis lokale fagmiljø og ressurspersonar blir involvert i arbeidet, der den særleg den lokale villreinforvaltninga må bli sentrale. Nasjonalparkstyret for Reinheimen har i desember 2019 fått godkjent besøksstrategi for verneområdet, og skal etter kvart revidere forvaltningsplan for verneområdet. Arbeidet med påvirkningsanalysar og tiltaksplan bør kunne integreres med revidering av forvaltningsplan og tiltak i gjeldande besøksstrategi. Miljøkvalitetsnormen vil, når det gjeld leveområde og menneskjeleg påverknad, byggje på kunnskap om endringar i villrein sin arealbruk i utvalgte fokusområde, over ein 50-års periode.

For villreinområder der det ikkje er mogleg å få sikker kunnskap om bruken i ein 50-årsperiode, vil indikatoren «Leveområde og menneskelig påvirkning» bli utelatt (få grå farge). Det er ein svakhet ved miljøkvalitetsnormen at en ikkje kan fastsette tilstand for denne indikatoren i alle villreinområda.

Dersom det gjennom tilstandsvurderingane kvart femte år blir slått fast at eit område har ein uheldig utvikling, skal ein i etterkant sette inn tiltak for å bøte på dette. Om det blir slik, står ein i fare for å vera på etterskudd, og for seint ute med tiltak for å kunne hindre ei uheldig utvikling. Ein kunne derfor ønskje seg meir kontante verkemiddel for å stanse reduksjon og fragmentering av funksjonsområda. Tiltak for oppfølging av ein dårleg tilstand vil likevel måtte bygge på eksisterande lovgjeving for offentlige prosessar etter bl.a. naturmangfoldlova og plan- og bygningsloven.

Ein anna viktig problemstilling er at eit mål om minimum middels tilstand «åpner for» at eit villreinområde som er klassifisert til god tilstand kan «tåle» enda et par negative inngrep, slik at tilstanden senkes til middels, uten at tilstanden er i strid med målet i den retningsgjevande

normen. Normen fungerer da som ei «sovepute». I andre tilfelle vil det kunne brukes som argument for å opne opp for ytterlegare negative tiltak.

Med bakgrunn den utsette situasjon til villrein, Noregs internasjonale ansvar, og behovet for å styrke villrein sine leveområder, kunne ein ønskje at målet i artikkel 3, vert endra til slik ordlyd: «*Målet er at god kvalitet for det enkelte villreinområde opprettholdes eller nås snarest mulig*». Dette bør minimum gjelde for dei nasjonale villreinområdene, og dei Europeiske villreinregionene.

I høyringsnotatet vises det til at både i arbeidet med påvirkningsanalysar og tiltaksplanar skal det knyttes kontakt med lokale fagpersonar og ressurspersonar som kjenner forholda i det aktuelle fagmiljøet godt. Dette er viktig. I påvirkningsanalysa blir det sentralt å stille dei riktige spørsmåla, og lokalkunnskap vil da ofte være nødvendig, særlig på arealsida. For å unngå at kvalitetsnormen forblir kunnskapsinnhenting kan det være hensiktsmessig å sette en tidsramme for når eventuelle tiltaksplaner skal være ferdige slik at miljøkvalitetsnormen resulterer i konkrete tiltak.

Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hjortevilt og forskningsprosjekter i regi av Norsk institutt for naturforskning har så langt vært sett som ei støtte for rettighetshavernes forvaltning. Det er derfor uheldig om kvalitetsnormen blir oppfattet som en sentralisering og «degradering» av lokal forvaltning.

### **Konklusjon**

Høyringsforslaget er godt gjennomarbeida, og har eit godt opplegg for å etablere felles kunnskapsgrunnlag, og for å ta vare på villreinen sine leveområder på tvers av administrative og forvaltningsmessige grenser.

Det er positivt og nyttig at det vert lagt opp til heilskapleg og godt kunnskapsgrunnlag for forvaltninga av dei nasjonale villreinområdene. Ein kvalitetsnorm vil også være nyttig for å prioritere midlar mellom villreinområda i Noreg, for å få nasjonalt/regionalt fokus på områda kvart femte år, og auke nasjonale løyvingar til forvaltninga, og til tiltak.

Sekretariatet ser det som ein mangel ved miljøkvalitetsnormen, at det ikkje er lagt opp til ein indikator for «Leveområde og menneskelig påvirkning» som kan nyttas på alle villreinområda.



I henhold til adresseliste

Trondheim, 02.12.2019

Deres ref.:  
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2019/13819

Saksbehandler:  
Vemund Jaren

## Høring – kvalitetsnorm for villrein

**Etter oppdrag fra Klima- og miljødepartementet sender Miljødirektoratet med dette forslag til kvalitetsnorm for villrein på høring. Høringsuttalelser sendes til Miljødirektoratet innen 2.mars 2020.**

I forbindelse med Stortingets behandling 23. mai 2016 av Meld. St. 14 (2015-2016) - *Natur for livet - Norsk handlingsplan for naturmangfold*, ble det fattet vedtak om at "Stortinget ber regjeringen utarbeide en kvalitetsnorm for villrein". Klima- og miljødepartementet har fulgt opp Stortingets bestilling gjennom oppdrag til Miljødirektoratet om å utvikle faggrunnlag og legge fram forslag til en slik kvalitetsnorm med hjemmel i naturmangfoldloven § 13. Denne lovhjemmelen er benyttet bare én gang tidligere gjennom fastsetting av *Kvalitetsnorm for ville bestander av atlantisk laks* 20.09.2013, og det er lagt vekt på erfaringene fra denne i arbeidet med kvalitetsnorm for villrein.

Artikkel 1 i den foreslåtte kvalitetsnormen fastslår at formålet er å bidra til at villrein, og de ulike villreinområdene, forvaltes på en slik måte at internasjonale forpliktelser overholdes, og at nasjonale målsettinger om ivaretagelse av levedyktige bestander innenfor sine naturlige utbredelsesområder nås. Kvalitetsnormen er retningsgivende for myndighetenes forvaltning i alle saker som har betydning for villrein og skal gi myndighetene et best mulig grunnlag for forvaltningen av bestandene og leveområdene, og faktorene som påvirker disse.

Forslaget om en kvalitetsnorm for villrein bygger på faglige råd fra en uavhengig og bredt sammensatt ekspertgruppe nedsatt av Miljødirektoratet. Resultatene av gruppas arbeid er presentert i [NINA Rapport 1400: Miljøkvalitetsnorm for villrein. Forslag fra en ekspertgruppe](#). Med bakgrunn i rapporten har Miljødirektoratet utarbeidet vedlagte høringsnotat. Selve forslaget til kvalitetsnorm med beskrivelse av de enkelte delnormene finnes som vedlegg til høringsnotatet ("Kvalitetsnorm for villrein (*Rangifer tarandus*)"), mens Miljødirektoratets kommentarer til de enkelte artiklene finnes i kapittel 3.7. Bortsett fra noen justeringer av delnorm 3 (vedlegg IV) er det i høringsforslaget ikke gjort endringer i selve klassifiseringssystemet og innholdet i kvalitetsnormen slik det er foreslått fra ekspertgruppa, og vi ber høringsinstansene ta stilling til dette slik det foreligger. Videre ber vi særskilt om at høringsinstansene kommenterer kapittel 3.8 om operasjonalisering av kvalitetsnormen. Dette inngikk ikke i ekspertgruppas mandat, og forslagene her er utviklet av Miljødirektoratet. For øvrig er det selvsagt åpent for å gi kommentarer til alle



del av høringsnotatet.

Miljødirektoratet ber om at høringspartene benytter skjema for elektronisk tilbakemelding på våre nettsider <https://tema.miljodirektoratet.no/horing2019-13819> Det er også mulig å sende høringsuttalelser til [post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no) Høringsfristen er 2.mars 2020.

Liste over høringsinstanser følger vedlagt. Høringsinstansene bør vurdere om saken skal sendes til eventuelle underliggende etater eller tilsluttede virksomheter eller samarbeidende organisasjoner. I slike tilfeller ber vi om at høringsinnspill fra underliggende organisasjoner oppsummeres og inkluderes i en samlet uttalelse. Alle som ønsker det kan uttale seg, selv om de ikke er oppført på listen over høringsinstanser. Høringsuttalelsene er offentlige etter offentlighetsloven og blir publisert på høringsiden på nett.

Hilsen  
**Miljødirektoratet**

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Ivar Myklebust  
avdelingsdirektør

Knut Morten Vangen  
seksjonsleder

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på [www.norge.no](http://www.norge.no).

#### Vedlegg

- 1 Kvalitetsnorm villrein - Høringsnotat november 2019
- 2 Kvalitetsnorm villrein - november 2019
- 3 Liste over høringsinstanser

## **Kvalitetsnorm for villrein (*Rangifer tarandus*)**

**Hjemmel:** Fastsatt ved kgl.res. xx.xx.2020 med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 13. Fremmet av Klima- og miljødepartementet.

### **Artikkel 1. Formål og virkeområde**

Formålet med kvalitetsnormen er å bidra til at villrein, og de ulike villreinområdene, forvaltes på en slik måte at internasjonale forpliktelser overholdes, og at nasjonale målsettinger om ivaretagelse av levedyktige bestander innenfor sine naturlige utbredelsesområder nås. Kvalitetsnormen er retningsgivende for myndighetenes forvaltning i alle saker som har betydning for villrein og skal gi myndighetene et best mulig grunnlag for forvaltningen av bestandene og leveområdene, og faktorene som påvirker disse.

### **Artikkel 2. Kvalitetsnormens innhold**

Kvalitetsnormen fastsetter grenseverdier for god, middels og dårlig kvalitet for villrein i villreinområder, basert på delnormene bestandsforhold, lavbeiter, og leveområde og menneskelig påvirkning, jf. vedlegg I, II, III og IV.

### **Artikkel 3. Kvalitetsmål**

Målet er at minimum middels kvalitet for det enkelte villreinområde opprettholdes eller nås snarest mulig. Klima- og miljødepartementet og andre berørte departementer kan i samråd beslutte at målet fravikes for hele villreinområdet når viktige samfunnsinteresser veier tyngre enn hensynet til villreinen. Hensynet til villrein veier særlig tungt i fastsatte nasjonale villreinområder.

### **Artikkel 4. Klassifisering og påvirkningsanalyser**

Miljødirektoratet fastsetter hvilke villreinområder som skal klassifiseres etter kvalitetsnormen, og har ansvar for at det blir utarbeidet en påvirkningsanalyse som, så langt mulig og innenfor rimelige økonomiske rammer, klarlegger årsakene til at et villreinområde ikke oppnår middels eller god kvalitet.

Klassifisering og påvirkningsanalyser etter kvalitetsnormen skal utføres av fagmiljø med særskilt kompetanse på villrein og arealbruk og pekes ut av Klima- og miljødepartementet i samråd med berørte departementer.

Miljødirektoratet skal publisere oppdaterte oversikter over kvaliteten for villrein i villreinområder.

### **Artikkel 5. Tiltaksplaner**

Blir en fastsatt kvalitetsnorm for villrein i et villreinområde ikke nådd, eller er det fare for dette, bør Klima- og miljødepartementet i samråd med andre berørte myndigheter utarbeide en

plan for hvordan kvaliteten likevel kan bli nådd. Slike planer må ta hensyn til annen eksisterende virksomhet i området.

**Artikkel 6. Endring av kvalitetsnormen**

Artikkel 1 til 6 kan endres av Kongen. Endringer i vedleggene kan foretas av Klima- og miljødepartementet i samråd med berørte departementer.

**Artikkel 7. Ikrafttredelse**

Kvalitetsnormen for villrein trer i kraft straks.

## Vedlegg I til kvalitetsnorm for villrein - Klassifisering av tilstanden for villreinbestander i Norge

Kvalitetsnormen for villrein består av tre delnormer:

- 1) Bestandsforhold: Datokorrigert høstvekt for simlekalv  
Antall kalver per 100 simle og ungdyr  
Andel eldre ( $\geq 3$  år) bukk per voksen ( $\geq 1$  år) simle  
Genetisk variasjon  
Helsestatus – forekomst av alvorlig meldepliktig sykdom
- 2) Lavbeiter: Lavbiomasse
- 3) Leveområde og menneskelig påvirkning: Funksjonell arealutnyttelse  
Funksjonelle trekkpassasjer

Klassifisering av villreinområdene etter kvalitetsnormen gjøres hvert femte år. Hver delnorm gis en helhetsvurdering. I de tilfeller delnormen består av flere måleparametere, vektet disse likt og måleparameteren med den dårligste klassifiseringen bestemmer delnormens endelige tilstandsklassifisering. Det samme prinsippet gjelder når de tre delnormene skal sammenstilles til en helhetsvurdering for det enkelte villreinområde. I tilfeller hvor manglende data gjør at enkelte delnormer ikke kan klassifiseres, påvirker ikke dette helhetsvurderingen. Dersom kvalitetsnormen i et villreinområde ikke er nådd, er målet at kvalitetsnormen skal være et grunnlag for å iverksette avbøtende tiltak slik at tilstanden i området kan bringes opp på et nivå som tilfredsstillende kravene. I de tilfeller det er manglende kunnskap, grå fargekode, vil dette være et viktig signal om å innhente nødvendig kunnskap fram til neste klassifisering.

*Samlet fremstilling av de enkelte delnormenes tilstandsvurdering og samlet helhetsvurdering per villreinområde. Fargekodene grønn, gul og rød angir henholdsvis tilstandskategoriene God, Middels og Dårlig. Grå fargekode angir manglende datagrunnlag.*

|                         | Bestandsforhold | Lavbeiter | Leveområde og menneskelig påvirkning | Helhetsvurdering |
|-------------------------|-----------------|-----------|--------------------------------------|------------------|
| <b>Villreinområde 1</b> |                 |           |                                      |                  |
| <b>Villreinområde 2</b> |                 |           |                                      |                  |
| <b>Villreinområde 3</b> |                 |           |                                      |                  |
| <b>Villreinområde 4</b> |                 |           |                                      |                  |

### *Bestandsforhold*

En hovedfaktor for en villreinstammes tilstand er tilgang på nok beite av høy kvalitet som et grunnlag for vekst, reproduksjon og overlevelse. Som en tommelfingerregel er veksten og størrelsen på dyrene regulert av mattilgangen på sommerbeitene, mens mattilgangen vinterstid begrenser antallet dyr og kalveproduksjonen. Naturgitte og klimatiske forhold gir stor variasjon i beitekapasiteten mellom våre villreinområder. Det er likevel klart at forvaltningen gjennom regulering av stammens størrelse er en

hovedfaktor for å bestemme graden av beitekonkurranse som påvirker bestandenes produksjon og kondisjon.

De ulike måleparameterne slaktevekt for kalv, antall kalver per 100 simler og ungdyr og andel eldre bukk per simle angis i absolutte verdier. I tillegg skal en statistisk sikker trendutvikling vektlegges. I tilfelle statistisk sikker negativ trend senkes tilstandsklassifiseringen ett nivå. I tilfelle statistisk sikker positiv trend heves tilstandsklassifiseringen ett nivå.

#### *Lavbeiter*

Tidsforsinkelser mellom langsiktige endringer i beitetilstand (overbeiting) og kondisjon (vekter) gjør at beitene også bør overvåkes direkte. Dette gjelder i særlig grad lavbeiter som vokser sakte og kan bruke tiår på å hente seg inn om de overbeites. Mengden av mat som er tilgjengelig vinterstid antas å være bestemmende for mengden rein et område kan bære. Villreinen har en unik evne til å fordøye og utnytte lav som vedlikeholdsfôr om vinteren, og arealene av lavrike vegetasjonstyper innenfor villreinområdene har derfor stor betydning. Lav vokser på lettdrenerte, tørre rabber, ofte beliggende på sure og fattige bergarter, og trives best på mer eller mindre snøfri mark.

#### *Leveområde og menneskelig påvirkning*

Forstyrrelser og inngrep representerer viktige utfordringer knyttet til ivaretagelse av villreinen og dens leveområder. Redusert arealutnyttelse på grunn av inngrep og forstyrrelser vil blant annet kunne føre til redusert høstingspotensial og/eller redusert kondisjon. Imidlertid vil ofte bestandsforvaltningen kunne redusere bestandstettheten for å unngå nedgang i kondisjon. Det er derfor viktig å inkludere et mål på arealutnyttelse direkte.

Infrastruktur og menneskelig aktivitet kan ha betydelige effekter på villreinens arealbruk, men det er ofte svært komplekse sammenhenger mellom ulike typer infrastruktur og ferdsel. Samvariasjon mellom alle disse påvirkningsfaktorene må også settes inn i en sammenheng med naturforhold, ressurstilgang og dynamikken i villreinbestandene. I dag er det begrenset tilgang til data som kartfester ferdsel og menneskelig aktivitet på et detaljningsnivå som er relevant i forhold til å forstå variasjoner i reinens arealbruk. Veger, stier og skiløyper er for en stor grad kartfestet, men en vet lite om mengden og intensiteten av ferdsel i områder der det ikke er gjort spesielle registreringer av dette. Det er også mangel på kunnskap om direkte sammenhenger mellom forekomst av infrastruktur og forstyrrelseeffekt på villrein. Dette gjør det utfordrende å fastsette generelle anbefalinger knyttet til bruk og forvaltning av de aktuelle arealene. Det er derfor tatt utgangspunkt i villreinens arealbruk og ikke menneskelig arealbruk når det er foreslått måleparametere for denne delen av kvalitetsnormen.

Metodikk for klassifisering av delnorm 1) *bestandsforhold*, delnorm 2) *lavbeiter* og delnorm 3) *leveområde og menneskelig påvirkning* er vist i henholdsvis vedlegg II, III og IV.

## Vedlegg II til kvalitetsnorm for villrein - Klassifisering av delnorm bestandsforhold

### a) Datokorrigert høstvekt for simlekalv

er en sensitiv parameter og gir et godt mål på beitenes kvalitet og bestandens tilstand. Dette beror på at kalvene er de som i størst grad påvirkes av variasjon i miljøforhold, og at vektene på kalvene også reflekterer mattilgangen og vektene på simlene. Høy kalvevekt om høsten øker overlevelse gjennom den første vinteren og øker sjansen for at simlene får sin første kalv som toåring. Slaktevekter samles allerede rutinemessig for en del av områdene, og bør inngå som standard datainnsamling i alle villreinområdene. Ettersom kalvene vokser utover i jakttida, og bukkekalver er tyngre enn simlekalver, foreslås det å bruke 4. september som standardiseringsdato (median fellingsdato) og simlekalver som standard kjønn. Det foreslås følgende tilstandskategorier:

| Dårlig  | Middels    | God     |
|---------|------------|---------|
| < 15 kg | 15 – 18 kg | > 18 kg |

### b) Antall kalver per 100 simler og ungdyr

kan påvirkes av både ressursbegrensning, predasjon og sykdom. Forventet kalveproduksjon reflekteres i stor grad av kalvevektene, men eventuelle avvik fra forventet kalveproduksjon på en gitt vekt vil belyse tap på grunn av andre forhold enn ressursbegrensning. Kalvetellinger gjennomføres normalt ved hjelp av bilder tatt fra fly eller helikopter om sommeren. Et problem med kalvetellinger på villrein, er at dataene er kalv per simle og ungdyr fordi det ikke er mulig å skille ut ungbukker fra simler på bildene tatt fra lufta. Andelen unge bukker (1-2 år) og andelen unge simler som ikke reproducerer vil derfor påvirke beregningene. Variasjon i andelen unge simler som ikke reproducerer er et av forholdene som vi ønsker skal gjenspeiles i «andelen simler med kalv», mens det ideelt sett bør kunne korrigeres for andelen ungbukker som går sammen med simlene og kalvene om sommeren. Det er utviklet modeller som i noen grad kan kontrollere for dette. Det foreslås følgende tilstandskategorier for kalv per 100 simle og ungdyr (SU):

| Dårlig | Middels | God  |
|--------|---------|------|
| < 35   | 35 – 50 | > 50 |

### c) Andel eldre ( $\geq 3$ år) bukk per voksen ( $\geq 1$ år) simle

Forholdet mellom antall simler og bukker har direkte betydning for vekstpotensialet i en bestand. Jo større andel simler, dess større tilvekst i form av fødte kalver. Den enkelte voksne bukk har kapasitet til å bedekke mange simler. Kjønnforholdet skal derfor være veldig skjevt før dyra ikke blir bedekket hos en så polygyn art som reinsdyr, men fravær av store bukker kan forsinke brunsten og dermed påfølgende kalving. En for skjev kjønnsratio er heller ikke ønskelig sett i et bevaringsperspektiv for å sikre at den seksuelle seleksjonen ivaretas. Bukkeandel som reproducerer påvirker også effektiv bestandsstørrelse. Effektene av disse prosessene kan være små og til dels svakt dokumentert, så høy bukkeandel innebærer et føre-var-prinsipp. Det er vurdert forvaltningsmessig positivt med høy bukkeandel siden bukkene har en mer ekstensiv arealbruk og fører til en bredere utnyttelse av leveområdene. Registreringene gjennomføres normalt som strukturtellinger fra bakken med teleskop

i brunstperioden om høsten, da alle kjønns- og aldersgrupper er til stede i flokkene. Det foreslås følgende tilstandskategorier for eldre bukk ( $\geq 3$  år) per simle  $\geq 1$  år:

| Dårlig | Middels     | God    |
|--------|-------------|--------|
| < 0,20 | 0,20 – 0,35 | > 0,35 |

d) *Genetisk variasjon*

Reinen i de norske villreinområdene har ulik opprinnelse, og varierer både når det gjelder innblanding av tamrein, effektiv bestandsstørrelse og genetisk variasjon. Genetisk variasjon er viktig for å opprettholde levedyktige villreinstammer med tilstrekkelig evne til å tilpasse seg varierende miljøbetingelser på lengre sikt. Effektive analyseverktøy kan i dag gi informasjon om både genetisk strukturering av bestander, begynnende bestandsfragmentering og genetisk variasjon generelt. Den effektive bestandsstørrelsen utgjøres av de dyrene som parrer seg og er opphav til nye avkom. Dette er ofte bare en tiendedel av den totale bestanden, avhengig av kjønns- og alderssammensetning. Utveksling av individer mellom nabobestander vil øke den effektive bestandsstørrelsen, mens fragmentering innen bestander vil gi en mindre effektiv bestandsstørrelse enn det områdets bestandstall skulle tilsi. Dette er forhold som rene bestandstall ikke fanger opp og gjør overvåking direkte på genetisk variasjon nødvendig. Endringer i den genetiske variasjonen skjer langsomt og det er ikke behov for årlige analyser for å følge en utviklingstrend. Bruk av den genetiske variasjonen som et mål vil også bidra til å gi grunnlag for å oppfylle målsettingen om å ivareta den genetiske integriteten til våre stedegne villreinstammer. Det foreslås følgende tilstandskategorier for tap av genetisk variasjon i løpet av en 5-årsperiode:

| Dårlig | Middels | God |
|--------|---------|-----|
| > 3 %  | 3 < 0 % | 0 % |

e) *Helsestatus – forekomst av alvorlig meldepliktig sykdom*

Tilstedeværelse av en alvorlig meldepliktig sykdom kan ha store konsekvenser for arten selv, eller gi alvorlig sykdom hos andre viltarter eller mennesker. Det kan også medføre at folkehelse- eller dyrehelsemyndighetene griper inn med føringer eller pålegg som overstyrer den vanlige forvaltningen av bestandene. Utbruddet av skrantesyke i Nordfjella viser hvordan et slikt sykdomsutbrudd kan snu opp-ned på alle andre faktorer i villreinforvaltningen. Imidlertid er det ikke alvorlige smittsomme sykdommer som vanligvis påvirker villreinens helse og velferd mest, men snarere summen av og samvirket mellom ulike faktorer som påvirker helsen. Infeksjoner, parasitter og feil mineralbalanse kan ha betydelige effekter når de virker sammen med andre viktige miljøfaktorer. Sykdommer kan også øke effekten av endringer i miljøet eller stokastiske hendelser. Vi har i dag for lite kunnskap til å lage en parameter som gir et godt og tolkbart uttrykk for dette samspillet mellom helsestatus, andre faktorer og effekter på de ulike bestandenes tilstand, slik at dette kan inkluderes i kvalitetsnormen. Derimot bør tilstedeværelse av alvorlige meldepliktige sykdommer inngå som en måleparameter. Det foreslås kun følgende to tilstandskategorier for alvorlige meldepliktige sykdommer:

| Dårlig | Middels         | God         |
|--------|-----------------|-------------|
| Påvist | [benyttes ikke] | Ikke påvist |

## Vedlegg III til kvalitetsnorm for villrein - Klassifisering av delnorm lavbeiter

### *Lavbiomasse*

Det er store forskjeller mellom de ulike villreinområdene når det gjelder reinens tilgang til lavdominerte vegetasjonstyper. Det synes likevel klart at tilstanden på lavbeitene representerer en viktig begrensning for et områdes vinterbeitegrunnlag. Å sikre at disse beiteressursene opprettholder god produksjon og unngår unødig beiteslitasje, er viktig for å ivareta villreinområdenes bestandsgrunnlag. Naturlige forskjeller i slitasje på vinterbeitene vil oppstå som følge av mellomårsvariasjon i reinens bruk av vinterbeiteområder, og klimatiske forhold som påvirker tilgang til beitene (snødybde, nedising m.m.). I tillegg vil naturlige eller menneskerelaterte barrierer bidra til at det stedege beitetrykket vil variere mye innen et område. Eksempelvis så er beitetrykket større og dermed den stående lavbiomassen gjennomgående langt mindre i de sentrale og mest brukte delene av et villreinområde. Det anbefales derfor at klassifiseringen baseres på tilstanden i 60 % av vinterbeitearealet.

For kalibrering av fjernmåling foreslås det å samle inn data om tilstanden i lavbeitene hvor man måler lavdekning, lavhøyde og lavvolum i faste felter innenfor noen villreinområder. I tillegg foreslås det at årlige sammenstillinger av satellittbaserte vegetasjonsindekser og lavbiomasseindeksen gjennomføres. Biomassemålingen basert på satellittdataene er i utgangspunktet gitt som volum ( $l/m^2$ ), men regnes om og presenteres som  $g/m^2$  siden reinens fødebehov vanligvis framstilles med basis i tørrvektmål. Overgangen fra volum til vekt er gitt av sammenhengen: ( $g/m^2 = 22 \times l/m^2$ ). Det foreslås at kategorien Dårlig tildeles dersom minst 60 % av det totale vinterbeitearealet har mindre enn  $132 g/m^2$ . Kategorien Middels tildeles dersom minst 60 % av arealene har fra  $132 - 220 g/m^2$ . Kategorien God tildeles dersom mer enn 60 % av arealene har mer enn  $220 g/m^2$ .

| Dårlig        | Middels           | God           |
|---------------|-------------------|---------------|
| $< 132 g/m^2$ | $132 - 220 g/m^2$ | $> 220 g/m^2$ |



## Vedlegg IV til kvalitetsnorm for villrein - Klassifisering av delnorm leveområde og menneskelig påvirkning

